

Detaljreguleringsplan for fritidsbustadar og naust på Laukhammar, gnr./bnr. 163/1 m.fl., Tysnes kommune

PlanID: 202250400

Plandokument: 17.11.2023

Planomtale med ROS-analyse



Innhold

1	BAKGRUNN	3
1.1	HENSIKT MED PLANEN	3
1.2	INVOLVERTE AKTØRER	4
1.3	LOKALISERING OG AVGRENSING AV PLANOMRÅDET	5
1.4	TIDLEGARE VEDTAK I SAKA	5
1.5	KRAV OM KONSEKVENSGREIING	5
2	PLANPROSESSEN	5
2.1	PLANPROSESSEN	5
2.2	MEDVERKNAD	5
3	PLANSTATUS OG RAMMEFØRESETNADER	6
3.1	OVERORDNA PLANAR	6
3.2	GJELDANDE PLANSTATUS I OVERORDNA PLAN	7
3.3	GJELDANDE KOMMUNEPLAN AREALDEL	7
3.4	GJELDANDE REGULERINGSPLANAR FOR OMRÅDET	8
3.5	TILGRENSANDE PLANAR SOM ER I GANG I NÆRLEIKEN OG SOM HAR INNVERKNAD PÅ SAKA	9
4	DAGENS SITUASJON	9
4.1	TOPOGRAFI OG LANDSKAP	9
4.2	LOKALKLIMA	10
4.3	GRUNNFORHOLD	11
4.4	ESTETISK OG KULTURELL VERDI	12
4.5	STRANDSONE OG VASSDRAG	13
4.6	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	16
4.7	NATURVERDIAR	17
4.8	FRILUFTSLIV OG FOLKEHELSE, BORN OG UNGE SINE INTERESSER	19
4.9	TRAFIKKFORHOLD	20
4.10	TEKNISK INFRASTRUKTUR	22
4.11	SOSIAL INFRASTRUKTUR	23
4.12	RISIKO- OG SÅRBARHEIT (EKSISTERANDE SITUASJON)	23
5	SKILDING AV PLANFRAMLEGGET	28
5.1	PLANLAGT AREALBRUK	28
5.2	GENERELLE FØRINGAR FOR PLANOMRÅDET	29
5.3	AREALFØREMÅL I PLANFRAMLEGGET	30
5.4	OMRÅDE FOR BYGNINGAR OG ANLEGG	30
5.5	SAMFERDSLESANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR	33
5.6	GRØNTSTRUKTUR	34
5.7	BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE	35
5.8	OMSYNSSONER	35
5.9	REKKEFØLGJEKRAV	35
5.10	TEKNISK INFRASTRUKTUR	36
6	VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET	40
6.1	OVERORDNA PLANAR	40
6.2	TOPOGRAFI OG LANDSKAP, ESTETIKK	41
6.3	STRANDSONE OG VASSDRAG	43
6.4	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	44
6.5	NATURMANGFALD	45
6.6	NATURRESSURSAR	46
6.7	FRILUFTSLIV OG FOLKEHELSE, BORN OG UNGE SINE INTERESSER	46
6.8	FISKERIINTERESSER, MARINE INTERESSER OG FERDSLE PÅ SJØ	47

6.9	TRAFIKKFORHOLD	47
6.10	TEKNISK INFRASTRUKTUR.....	47
6.11	EIGEDOMSINNGREP.....	48
6.12	KLIMAENDRINGAR OG NATURHENDINGAR	48
6.13	ØKONOMISKE KONSEKVENSA FOR KOMMUNEN	52
6.14	KONSEKVENSA FOR NÆRINGSINTERESSER OG PRIVATRETTSLEGE FORHOLD.....	52
6.15	INTERESSEMOTSETNINGAR OG AVVEGING AV VERKNADER.....	52
6.16	RISIKO OG SÅRBARHEIT (FRAMTIDIG SITUASJON).....	53
7	INNKOMNE MERKNADER TIL OPPSTART	55
8	VEDLEGG.....	58

1 Bakgrunn

Lokalisering	Laukhammar, Tysnes kommune
Gjeldande planstatus	Planområdet er i gjeldande kommuneplan (KPA) for Tysnes kommune 2011-2022 sett av til føremåla; fritidsbustadar (noverande), kor delar er vist med faresone for ras- og skredfare (H310_1-90), og kombinerte formål i sjø (AFFNF); Akvakultur, Ferdslø, Fiske, Natur og Friluftsområde. Mindre delar av planområdet i vest overlappar gjeldande reguleringsplan Laukhammar gnr. 162, bnr. 2 m.fl., kor området er regulert til føremåla; fritids- og turistføremål, fritidsbustader, jord- og skogbruk, vegareal, parkeringsplass, trafikkklomme, gangveg, småbåthamn, naust og friområde i sjø. Føremålet i gjeldande reguleringsplan skal vidareførast, men vil verta oppheva og erstatta av ny plan jf. plan- og bygningslova § 12-14. Planarbeidet vil stort sett vere i tråd med overordna planar, unnateke naust som vil verta liggjande i innanfor område vist som fritidsbustadar i KPA.
Planområdets storleik	Ca. 22,2 daa.
Tiltakshavarar	Terje Klippen
Plankonsulent	ABO Plan & Arkitektur Stord AS
Skisseprosjekt/arkitekt	FRONTA AS
Hovudføremål med ny plan	Utvikling og fortetting av området
Aktuelle problemstillingar	Strandsone, tomtestruktur, landskapstilpassing, fritidsbygningar
Krav om konsekvensutgreiing	Nei
Oppstartsmøte	24.08.2022
Prinsippøknad/planinitiativ	09.08.2022
Varsel om oppstart	29.08.2022

1.1 Hensikt med planen

Føremålet med reguleringsplanen er å leggja til rette for vidareutvikling og fortetting av eksisterande fritidsbustad- og naustområde på Laukhammar. Ein ynskjer vidare å leggja til rette for god ålmenn tilgjenge og badeplass i strandkanten. Det er ei målsetting at nye fritidsbustadar og naust skal verta best mogleg tilpassa eksisterande utbygging, landskap og terreng. Innanfor planområdet er det frå før etablert fire fritidsbustader (derav eitt med kombinert naustføremål), 3 stk. naust, og tilhøyrande kaiområde, flytebrygger og festebøyer (sjå figur 1 og 2). I tillegg er det langs kommunal veg (Skorpevegen) opparbeidd parkeringsplass og trafikkklomme.



Figur 1: Eksisterende naust og fritidsbustader mot vest.



Figur 2: Eksisterende naust og fritidsbustader mot aust.

1.2 Involverte aktørar


1.2.1 Eigartilhøve

Følgjande eigedomar ligg heilt eller delvis innanfor planområdet: gbnr. 163/1, 4, 5, 6, 7 og 8. Eigartilhøva innanfor planområdet er som følgjer:

Gnr. 163 bnr. 1 er eigd av: Privat
Gnr. 163 bnr. 4 er eigd av: Privat
Gnr. 163 bnr. 5 og 6 er eigd av: Privat
Gnr. 163 bnr. 7 og 8 er eigd av: Privat

1.3 Lokalisering og avgrensning av planområdet

Planområdet ligger på Laukhammar, sør på Skorpo i Tysnes kommune. Planen omfatter et areal på om lag 22,2 daa (sjå figur 3).



Figur 3: Lokalisering og avgrensning av planområdet.

1.4 Tidlegare vedtak i saka

Oppstartsmøte vart gjennomført 24.08.2022.

1.5 Krav om konsekvensutgreiing

Reguleringsplanen skal utarbeidast som detaljregulering jf. § 12-3 i plan- og bygningslova, og etter kommunen si vurdering utløyser ikkje planarbeidet krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiing. Dette med bakgrunn i at planen, eller tiltak planen opnar for, ikkje er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar §§ 6-8.

2 Planprosessen

2.1 Planprosessen

Planinitiativ er dagsett 09.08.2022, og oppstartsmøte vart haldt 24.08.2022 kor kommunen kunne råda til oppstart (saksnr.: 22/466-3).


2.2 Medverknad

Oppstartsmelding vart sendt ut 29.08.2022, med frist 29.09.2022 (viser til figur 3). I alt kom det inn 8 stk. merknadar, som er summerte opp og kommentert i kap. 8.

MELDING OM OPPSTART AV DETALJREGULERING

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vert det varsla at grunneigar Terje Klippen set i gong arbeid med **detaljregulering for Laukhammar - gnr. 163 bnr. 1 mfl. (Planid 2022-03)**. Planen vil oppheve mindre deler av reguleringsplan for Laukhammar (PlanID 2007-01) og detaljreguleringsplan for Laukhammar, del av gnr. 162 bnr. 2 (PlanID 2012-01), jf. pbl. § 12-14.

Området er dels regulert i frå før, men kommuneplanens arealdel syner arealet som noverande fritidsbustader. Planområdet er om lag 22,2 daa, sjå kartet under:



Føremålet med detaljreguleringsplanen er å vidareutvikle og fortette eksisterande fritidsbustadområde, samt leggje til rette for naust, med tilhøyrande felles småbåtanlegg, parkering, tilkomst og teknisk infrastruktur. Det vil leggast til rette for ålmenta si tilkomst, gjenge, opphald og rekreasjon i planområdet.

Det er vurdert konsekvensutgreiing og Tysnes kommune har konkludert med at planen ikkje fell inn under vilkåra for slik utgreiing.

Planarbeidet vert utført av ABO Plan & Arkitektur Stord AS.

Naboar og grunneigarar vert varsla direkte. Spørsmål om eller innspel til planarbeidet kan rettast til:

ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Pb. 32, 5401 Stord, eller poststord@abo-ark.no / haga@abo-ark.no innan **29.09.2022**.

Sjå Tysnes kommune og ABO Plan & Arkitektur sin nettstad for meir informasjon, der de òg finn planinitiativ og referat i frå oppstarts-møte: <https://abo-ark.no/aktuelt/#reguleringsplaner>

Alle mottatte dokument, merknader o.l. følgjer planforslaget når det vert oversendt kommunen for handsaming.



3 Planstatus og rammeføresetnader

3.1 Overordna planar

Kommunen si planlegging må henga saman med dei lovene, forskriftene, føresegnene og retningslinjene som gjeld for kommunal planlegging og verksemd. Ein føreset at desse er ivaretekne under planprosessen, og av dei mest sentrale kan desse nemnast:

- Meld. St. 33 (2012 – 2013) Klimatilpasning i Norge
- Meld. St. 14 (2015 – 2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold
- Meld. St. 35 (2012–2013) Framtid med fotfeste - Kulturminnepolitikken
- Meld. St. 18 (2015–2016) Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet
- St.meld. nr. 29 (1996-1997) Regional planlegging og arealpolitikk
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, kgl. res. 14.5.19
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, kgl.res. 26.9.14
- Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene, kgl.res. 28.09.18
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen, kr. pr.res. 4.9.09
- NVEs retningslinjer nr. 2/2011, Flaum og skredfare i arealplanar, revidert 22.05.14.
- Rundskriv, T-2/08- Miljøverndepartementet, Om barn og planlegging.
- Handlingsplan Norge universelt utformet 2025

Figur 4: Annonse i Bladet Tysnes, publisert 01.09.2022

3.1.1 Regionale planar

- Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle
- Regional plan for attraktive senter - senterstruktur, tenester og handel
- Regional kulturplan 2015 - 2025 - Premiss: kultur
- Regional transportplan Vestland 2022 – 2033 (Høyringsutkast)
- Regional klima- og energiplan. Klimaplan for Hordaland 2014-2030
- Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021
- Regional transportplan - revidert handlingsprogram for 2015 - 2017
- Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017
- Regional planstrategi for Hordaland 2016-2020
- Regional plan for idretts, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016 – 2020

3.1.2 Kommunale føringar/temaplanar

- Kommuneplanens arealdel 2010-2022
- Kommuneplanens samfunnsdel 2018-2030
- Bustadpolitisk handlingsplan (rullerast 2023)
- Klima og energiplan for Tysnes kommune
- Folkehelseoversikt i Tysnes kommune 2018-2023
- Kommunedelplan for vatn, avlaup og vassmiljø (2018)
- Hovudplan for veg 2022-2027
- Kommunedelplan for kulturminne 2020-2030
- Eit aldersvennlig Tysnes
- Strategiplan for oppvekst i Tysnes kommune 2017-2022
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (2005)
- Skulebruksplan 2021-2035
- ROS-rapport
- Trafikksikringsplan 2017-2020
- Strandsonkartlegging i Tysnes kommune (2010)
- Skredkart; NVE; Rapport 8/2014 Sikkerhet mot skred i bratt terreng og Veileder 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred

3.2 Gjeldande planstatus i overordna plan

Planområdet er omfatta av gjeldande kommuneplan (KPA) for Tysnes kommune 2011-2022. Mindre delar av planområdet i vest overlappar gjeldande regulerings-plan Laukhammar gnr. 162, bnr. 2 m.fl., Føremålet i gjeldande reguleringsplan skal vidareførast, men vil verta oppheva og erstatta av ny plan jf. plan- og bygningslova § 12-14. Planarbeidet vil stort sett vere i tråd med overordna planar, unnateke naust som vil verta liggjande i innanfor område vist som fritidsbustadar i KPA.

3.3 Gjeldande kommuneplan arealdel

Tysnes kommune er ein attraktiv plass for rekreasjon og fritid, og kort avstand til byar i sør og nord har gjort område attraktiv for hyttebygging. Tradisjonelt har Tysnes hatt mykje spreidd utbygging, som har ein kostnad for fellesskapet i form av infrastruktur og transportbehov. Samstundes er det økonomisk og sosialt gunstig å ha utvikling i heile kommunen. Jf. Kommuneplanens samfunnsdel (2019 – 2049) har kommunen vedteke ein planstrategi kor ein ynskjer å satse meir på fortetting i allereie utbygde område, spesielt i strandsona, og auka skjerming og vern av urørt natur for framtidige generasjonar. Fritidsbustadar har dei siste ti-åra blitt stadig meir lik ordinære bustadar, både når det kjem til storleik, funksjonar og tilkomst. I tilknytning til dette vert det også stadig meir fokus på å planlegge fellestøysingar for veg, parkering, bryggjeanlegg og friområde. Dette er både arealeffektiv og kostnadsgunstig. Ved utbygging i strandsona er det vidare viktig å sikra gode kvalitetar, som tilpassing til landskap og eksisterande situasjon, samt ålmenne interesser.


I kommuneplanen sin arealdel (KPA) for Tysnes kommune 2011-2022, er planområde sett av til føremåla; fritidsbustadar (noverande), kor delar er vist med faresone for ras- og skredfare (H310_90). Områda i sjø er vist som kombinert formål (AFFNF); Akvakultur, Ferdsla, Fiske, Natur og Friluftsområde. Viser til figur 5.



Figur 5: Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel (KPA) for Tysnes kommune 2011-2022.

3.4 Gjeldande reguleringsplanar for området

Mindre delar av planområdet i vest overlappar gjeldande reguleringsplan Laukhammar gnr. 162, bnr. 2 m.fl. (Plan-ID: 2007-01), kor område er regulert til føremåla; fritids- og turistføremål, fritidsbustader, jord- og skogbruk, vegareal, parkeringsplass, trafikklomme, gangveg, småbåthamn, naust og friområde i sjø. Viser til figur 6.



Figur 6: Gjeldande reguleringsplan Laukhammar gnr. 162, bnr. 2 m.fl. (Plan-ID: 2007-01).

3.5 Tilgrensande planar som er i gang i nærleiken og som har innverknad på saka

Viser til Kap. 3.2. Planområde grensar til gjeldande reguleringsplan Laukhammar gnr. 162, bnr. 2 m.fl. (Plan-ID: 2007-01). Mindre del av gjeldande plan vil verta oppheva og erstatta av ny plan.

4 Dagens situasjon

4.1 Topografi og landskap

Planområdet ligg langs søre kysten av Skorpo og landskapet framstår som ein mosaikk av fulldyrka jord og småkupert landskap med mykje berg i dagen. Høgdekoter i området varierer frå sjø og opp til ca. +53 (figur 7).



Figur 7: Utsnitt frå 3D-kart, sett i frå sør. Kjelde: www.3dkommunekart.com

I NiN-systemet er landskapet kategorisert som beskyttet indre småkupert kystslette (LA-TI-K-S-9). Landskaps-typen er her skildra som følgjer:

Typen omfatter øyer, holmer og skjær og eksponerte fastlandsområder på ytre kystslette, med tilhørende grunne marine områder. Områdene er eksponert mot bølger og vind fra åpent hav. Områdene hører til den mer kupert delen av kystsletta med vekslende terreng over og under havnivå. Områdene har lav til middels arealbruksintensitet, fra områder helt uten bebyggelse og infrastruktur til mindre grender, fiskevær, samlinger av fritidsbebyggelse og næringsvirksomhet. Større samferdselsanlegg og flyplasser med større gressarealer kan inngå. Omfanget av bebyggelse, infrastruktur og menneskelig arealbruk samvarierer oftest med eksponering mot vind og bølger fra åpent hav (landskapsgradient indre-ytre kyst). Jordbruk er den dominerende arealbruken i området.

Landskapet i planområdet er vurdert som vanleg førekomande i lokal samanheng av Aurland naturverkstad (Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke, 2011). I det nasjonale referansesystemet for landskapsregionar inngår planområdet i region 21, Ytre fjordbygder på Vestlandet, underregion Hordaland. Regionen er her under skildra som typisk landskap med åsar og storkuperte heiar. Ofte lite lausmassar, og bart fjell med mosaikk av tynt morenedekke. Til landskapets småformar er det vanleg med nakne skjær og skrinne holmar i fjordlaup og sund. Sjølve fjordlinja er variert, og ulike typar bergartar dominerer med vekslingar av klippe-, bratt- og svabergkyst. Små vassformer som vågar, viker, pollar, bukter, delta og elveos, samt mange små og store sund mellom øyar, holmar og skjær, aukar variasjonen i dei sjø-vende landskapa.

Planområde på Laukhammar passar godt inn med landskapstypene som er beskrevet over. Området utgjør del av et større kystlandskap, og området ligger forholdsvis eksponert til for vær og vind fra øst. Kringliggende holmer og skjær er med på å skjerme noko. Arealbruksintensiteten er middels til låg. Jordbruk dominerer landskapsbiletet, og bidreg til at området framstår som ope og fritt med gode sol- og siktforhold. Langs sjø er topografien meir variert, med småkupert berg i dagen.

4.2 Lokalklima


Klima i området er relativt mildt. Dersom ein ser på data frå målestasjonen på Tysnes, som ligg 7 m.o.h., så er årsmiddeltemperaturen målt til 5,3 i 2018, 5,1 i 2019, 5,9 i 2020, 5,0 i 2021 og 6,9 i 2022. I snitt vert dette ein årstemperatur på 5,6 grader dei siste fem åra. Tabell 1 under med data frå Meteorologisk institutt viser elles følgjande temperaturvariasjonar og vind dei siste 13 månadane:

Tabell 1: Temperatur, nedbør og vind i Tysnes dei siste 13 månadane. Kjelde: Meteorologisk institutt, 2023.

Måned	Temperatur gj.snitt	Normal	Avvik	Nedbør totalt mm	Normal mm	Kraftigste vind m/s	Kraftigste vindkast m/s
September 2022	10,2°	9,8°	0,4°	–	–	15,6	18,8
Oktober 2022	6,8°	6,9°	0,9°	–	–	21,2	28,6
November 2022	4,0°	3,3°	0,7°	–	–	17,2	23,6
Desember 2022	0,0°	1,0°	-1,3°	–	–	23,3	27,6
Januar 2023	1,3°	0,0°	1,3°	–	–	22,1	34,6
Februar 2023	1,6°	-0,9°	2,5°	–	–	26,6	36,1
Mars 2023	-2,4°	0,0°	-2,4°	–	–	19,3	24,8
April 2023	3,1°	2,5°	0,9°	–	–	15,5	20,4
Mai 2023	5,8°	6,0°	-0,2°	–	–	21,8	29,4
Juni 2023	10,5°	9,1°	0,7°	–	–	19,1	24,8
Juli 2023	14,8°	12,8°	2,0°	–	–	15,0	16,3
August 2023	14,8°	12,7°	2,1°	–	–	13,7	16,8
September 2023	10,7°	9,8°	0,9°	–	–	21,3	28,8

Som ein kan sjå ut i frå tabellen så har Tysnes forholdsvis låge temperaturar og mykje vind gjennom året. Klima på Tysnes heng saman med at kommunen grensar til sjø og ligg forholdsvis tett på høge fjellområde i Kvinnherad og innover. Kystklima med sterk vind og høge fjell tvingar fuktig havluft frå vest til vørs, slik at lufta vert avkjølt og vassdampen kondenserar til regndropar. Dette resulterer i mykje og ofte nedbør, som heng saman med lågare temperaturar. Som følgjer av nærleik til kysten er temperaturane samstundes nokså stabile, og den saltholdige lufta gjer at snø sjeldan vert liggjande over lengre periodar.

Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap (DSB) gir råd om korleis havnivåendring og stormflo skal handterast i planleggingsarbeid. Tabell 2 gir tal for sikkerheitsklassar med klimapåslag for Skorpo basert på normalnull, og ulike sikkerheitsklassar jf. TEK17. DSB anbefalar at desse tala for sikkerheitsklassar vert avrunda til næraste 10 cm før bruk i planlegging. Naust fell under sikkerheitsklasse 1 og bygg som fritidsbustadar fell under sikkerheitsklasse 2. Tabellen bør nyttast som eit verktøy ved planlegging av utbygging i strandsona for å unngå framtidige flaumskadar.



Tabell 2: Havnivå på Skorpo. Kjelde: sehavnivå.no

4.3 Grunnforhold


Jf. kartdata frå Norges geologiske undersøkelse (NGU) består berggrunnen i område i hovudsak av Granittisk gneis. Lausmassar i område er typisk tynt, usamanhengande dekke av morenemateriale over berggrunnen. Aktsemdgrad for radon er vurdert som moderat til låg. Det er i utgangspunktet ikkje registrert fare for kvikkleire i område, men ettersom planområde ligg under marin grense er det ein moglegheit for at det kan finnast marin leire (figur 8). Under kapittel 6.12 skal det følgjande gjerast vurderingar jf. Kap. 3 i NVE sin rettleiar «Sikkerhet mot kvikkleireskred» frå 2019.



Figur 8: Kart som syner marin grense (blå-stripla linje) i forhold til planområde.

I gjeldande kommuneplan for Tysnes kommune (2011-2022) er det synt faresone for ras- og skredfare (H310_1-90) nord-vest i planområde (figur 9). Gjeldande føresegner til kommuneplanen beskriv faresona som følgjer:


«Byggeområde og område for LNF-spreidd som ligg innanfor aksomhetsområde for stein -og snøskred (kjelde- og utlaupsområde) er fastsett med omsynssone for fareområde. Ved utbygging innanfor desse områda må tryggleiksnivået vurderast og evt. avbøtande tiltak gjennomførast i tråd med teknisk forskrift TEK10. Heimel: PBL §11-8 pkt. a».



Figur 9: Utsnitt frå gjeldande kommuneplan, kor område med skråstilt raud skravur viser aktsemdområde for ras- og skredfare (H310_1-90).

4.4 Estetisk og kulturell verdi

Flyfoto frå 1968 viser at område den gang var lite utbygd. På denne tida var det kunn etablert 1 stk. fritidsbustad i sør-aust og eit mindre kaianlegg i sør-vest (figur 10).



Figur 10: Flyfoto over planområdet frå 1968. Kjelde: www.norgebilder.no

Sidan vart det bygd 1 stk. ny fritidsbustad og parkeringsplass nord-vest i planområde, samt 1 stk. naust i sør-vest kring 70/80-talet. Denne fritidsbustaden ser ut til å ha vore borte på 90-talet, og erstatta med nybygg kring 2000-talet. På 2000-talet vart det også bygd ein fritidsbustad sentralt, nord i planområde, samt eit ekstra naust like nedanfor til sjø. Eksisterande kaianlegg sør-vest i planområde vart utvida (figur 11).



Figur 11: Flyfoto over planområdet frå 2005. Kjelde: www.norgebilder.no

Kring år 2010-2016 vart resterande naust sør-vest i planområde bygd, og lite endring har skjedd sidan den gong og fram til i dag (figur 12).



Figur 12: Flyfoto over planområdet frå 2016. Kjelde: www.norgebilder.no

Ein kan ikkje sjå at planområde omfattar eldre bygg eller kulturmiljø som krev særskilt omsyn. Når det gjeld arkeologiske funn, sa vart det i samband med oppstart utført ei arkeologisk undersøking april 2023. Dette resulterte i funn etter buplass frå steinalder. Funnet er av arkeologane beskive som tydeleg påverka av nyare tids dyrkingsaktivitet i område, kor ein i utgangspunktet ikkje ser behov for ytterlegare undersøking. Det vart samstundes gjort vurdering av to nærliggjande kulturminne, men vurdert at desse ikkje ville ha verknad for planen. Kulturminna er nærare beskive under Kap. 4.3.

4.5 Strandsone og vassdrag

Overordna planar og retningslinjer

Pbl. § 1-8 omfattar føresegner om forbod mot bygging og tiltak i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag der fastsett byggegrense ikkje føreligg. I slike område skal det takast særskilt omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2021), har som føremål å tydeleggjere nasjonal arealpolitikk og sikre nasjonale og regionale interesser i 100-metersbeltet langs sjøen. Målet er å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen, jf. pbl. § 1-8. Det skal gjennomførast ei sterkare geografisk differensiering, der vernet vert strengare i sentrale område der presset på areala er stort.

Tysnes kommune er jf. Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona, registrert som eit av områda med mindre press på areala, sone 3. Det er likevel fleire retningslinjer som skal leggjast til grunn og vurderast ved utbygging i 100-metersbeltet (viser til vurdering av planforslag, Kap 6.1 og 6.3). Gjeldande kommuneplan viser til at forbodet om bygging i 100-meters beltet langs sjø jf. § 1-8 i Plan- og bygningslova, skal vera gjeldande så langt ikkje anna byggegrense er fastsett i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan.

Regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger har følgjande hovudmål:

Kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet.

Det skal leggjast til rette for at marine og maritime næringar i området kan utvikla seg vidare til å vere lønnsame og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv innanfor rammene av ei berekraftig utvikling.

Det skal leggjast vekt på kunnskapsbasert planlegging og forvaltning i kystsona.

Vidare er det i den regionale kystzoneplanen eit eige hovudkapittel som omhandlar strandsona (Kap. 6), med følgjande delmål:

Strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Det er eit mål å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig utbygging.

Den regionale kystzoneplanen har også eigne retningslinjer for strandsona. I arbeidet har ein også nytta den nye strandsonerettleiaren for Vestland fylke, som er utarbeidd i eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland. Kommunane i Vestland har til denne planen hatt høve til å medverke gjennom prosessen med strandsonerettleiaren.

Fysiske inngrep og potensielt tilgjengeleg strandsona

Strandsona er området innan 100 meter frå kystlina målt i horisontalplanet. Tysnes kommune har ei samla strandlinje på om lag 479 km. Strandsona utgjer eit areal på ca. 23,3 km². I følgje Statistisk sentralbyrå (SSB) er det registrert 3.081 bygningar innanfor 100- metersbeltet i Tysnes kommune (alle typar bygningstypar) i 2023. Statistikk frå SSB i tabell 3 viser at talet aukar år for år.

Tabell 3: Bygging i strandsona på Tysnes siste 10 år. Kjelde: www.ssb.no.

	Bygninger i strandsona										
	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
4616 Tysnes											
Alle bygningstyper	2 838	2 872	2 895	2 934	2 959	3 005	3 029	3 045	3 064	3 071	3 081

SSB lagar også oversikt på status for strandsonareal på fastlandet inkl. øyar med fastlandssamband. I den samanheng er det mellom anna laga oversikt for potensielt tilgjengeleg strandsona, dvs. areal som ikkje er beslaglagd av privatiserande bygg og anlegg, dyrka mark eller vegareal. SSB har i sin statistikk og oversikt definert bygningsnært areal som bygd areal eller areal som ligg 50 meter frå yttervegg til alle typar bygg unnateke naust, båthus og sjøboder. I tillegg vert tilgjengeleg strandsona rekna ut i frå topografi, der bratt terreng med hellingsgrad på over 25 grader vert rekna som utilgjengeleg. Topografi og arealbruk kan såleis vere til hinder for ålmenn ferdsle.

Statistikken for Tysnes kommune viser at om lag 71,8% av den totale strandsona i kommunen er klassifisert som potensielt tilgjengeleg (basert på tal frå 2023). Av det er ca. 27,0% av den tilgjengelege strandsona bygningsnært areal, 10,2% dyrka mark og 2,0% vegareal. Av det totale arealet som er klassifisert som potensielt tilgjengeleg, ligg ca. 67,5% innanfor areal som ikkje har veldig stor helling (<25 grader) medan 32,59% ligg i område med veldig stor helling (>25 grader).

Heile planområde ligg innanfor strandsona, med unntak av ein mindre flik over Skorpevegen lengst nord-vest (sjå figur 14). Planområdet omfattar totalt ei strandlinje på ca. 260m. Langs austsida av planområde er delar av terrenget brattare enn 25 grader, medan sør-vestre del av område har naturleg slakare terreng (figur 14). I sør-vestre del av strandsona er det samstundes etablert fleire bygg og anlegg, som gjer at område likevel ikkje vert rekna som tilgjengeleg strandsona jf. SSB sin definisjon. Planområde omfattar ingen form for vassdrag på land.




Figur 13: 3D-kart over planområdet som syner eksisterande terreng. Kjelde: www.3dkommunekart.no

Me vurderer likevel at store deler av planområdet ligg innanfor areal klassifisert som funksjonell strandsone, dette ut frå tema landskap og kulturmiljø. Hovuddelen av området er del av eit landskapsrom som vender mot sjøen, er ope og eksponert. Topografi og areal klassifisert som innmark dannar delar av dette opne landskapet. Automatisk freda kulturminne (busetting-aktivitetsområde frå yngre jernalder) er ein del av landskapet som vender mot sjøen. Ein vurderer at eksisterande bygg i området ikkje gir ein klar barriere med omsyn til landskapsrom eller eksponering. Figur 15 viser illustrasjon av 100-metersbeltet (gul sone) og funksjonell strandsone (gul linje).



Figur 14: Funksjonell strandsone, vist med gul linje over 100-meters beltet i gul skravur.

Jf. Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (2020), kan ein ikkje sjå at strandsona i planområde omfattar regionalt viktige friluftsområde, kulturminnerik strandsone eller landskap med kulturhistorisk verdi. Jf. Naturbase kart kan ein vidare ikkje sjå at planen rører naturvernområde på land, men i sjø er det føreslått eit marint naturvernområde for Ytre Hardangerfjord (ID: VP00000557), som vist i figur 16.



Figur 15: Marint naturvernområde for Ytre Hardangerfjord (ID: VP00000557).

Forslag til marint verneområde er i databasen beskrive som følgjer:

Området ligg ytst i Hardangerfjorden og er om lag 83 km² stort. Området omfattar areal i kommunane Tysnes, Stord, og Kvinnherad i Hordaland fylke. Avgrensinga i dag er frå Ånuglo i Tysnes og tvers over fjorden til Husnes. I sør og vest går området over moreneterskelen frå Huglo til øya Hille utanfor Halsnøy. Det er særleg gradienten frå den artsrike og spesielle moreneryggen i grus og ned til blautbotnen på stort djup i Husnesfjorden som gir området svært høg verneverdi. Moreneryggen er ein spesiell geologisk førekomst med nasjonal verneverdi. Innanfor området finn vi fleire sjeldne artar og naturtypar. Hardangerfjorden har òg stor verdi i forskingssamanheng, der marin fauna blir breitt undersøkt. Det blir ikkje lagt opp til restriksjonar på fritidsfiske. Det er heller ikkje tenkt restriksjonar på ferdsel, bruk av ankringsplassar og Kystverkets arbeid i fiskerihammer. Konfliktane knytte til moglege negative effektar for framtidig næringsverksemd er ikkje vurdert som store, men eit vern skal sjølvstøtt gjennomførast i nært samarbeid med involverte kommunar.

4.6 Kulturminne og kulturmiljø

I Riksantikvarens sin database Askeladden var det ved oppstart av planarbeidet ingen SEFRAX-registrerte bygg, kulturmiljø, kulturlandskap eller kulturminne innanfor planområde. I nærområde var det to registrerte kulturminne i form av automatisk freda gravrøyser. På bakgrunn av eksisterande funn i nærområde og potensiale for nye funn, varsla Fylkeskommunen ved oppstart at det ville verta naudsynt med arkeologisk undersøking i området. Arkeologisk undersøking vart følgjande utført april 2023. I samband med undersøkinga vart det gjort funn etter buplass frå steinalder sentralt i planområde, registrert med kulturminne-ID: 298397 (viser til figur 17). Buplassen vart automatisk freda i medhald av § 8, 4. ledd i kulturminnelova. Det påviste funnmaterialet opptrer i matjord og oppblanda massar, og det er ikkje påvist funn i uforstyrra massar. Buplassen er i rapporten beskrive som skada, «truleg i hovudsak på grunn av lengre tids dyrkingsaktivitet, og anna moderne aktivitet i arealet der lokaliteten ligg».



Figur 16: Kart over kulturminne i område (kulturminne-ID: 298397, 129766 og 129767).

I samband med undersøking av planområdet vart også dei tidlegare registrerte funna i nærområdet undersøkt. Nord-aust for planområde var det frå før registrert ei automatisk freda gravrøys (Askeladden-ID: 129766). I tillegg er det kjent ei røys i område kor steinane for lengst er fjerna, registrert med uavklart vernestatus (Askeladden-ID: 129767). Begge desse vart kontrollert som del av undersøkinga i samband med planarbeidet. Kulturminne 129766 vart forsøkt funne ettersom overflatetopografien tilsa røysa kunne ligge nærare planområdet enn det kartfestinga tilsa. Det vart ikkje gjort funn, korrigert lokalisering vart avkrefta, og røysa framstår som usikker. Etter dette fekk kulturminne 129766 endra vernestatus frå automatisk freda til uavklart. Kulturminne 129767 vart heller ikkje funne og beholdt status som uavklart. Ut i frå dette vart det konkludert med at nærleik til moglege gravrøysar ikkje ville få direkte konsekvensar for planarbeidet.


Arkeologane påpeika at det framleis er funnpotensiale i område, og undersøkingsplikt etter kulturminnelova § 9 er berre oppfylt i planområde slik det er av grensa i oppstartsvarselet datert 31.08.2022, med kart datert 24.05.2022.

4.7 Naturverdiar

Jf. St.meld. 26 (2006-2007) er det eit nasjonalt mål at tap av biologisk mangfald skal stoppast, og arealbruken skal støtte opp om dette målet. Arbeid med reguleringsplanar kan ha stor verknad på lokalt og regionalt biologisk mangfald. Vidare er naturtypar sentrale for å ivareta artsmangfaldet, variasjonsbreidda og dei økologiske samanhengane i norsk natur. Ved vurdering av om et tiltak skal tillatast eller ei, er prinsippa jf. naturmangfaldlova §§ 8-12 lagt til grunn som retningslinjer ved skjønnsutøvinga, jf. § 7. Eksisterande naturtype-lokalitetar, artsmangfald samt naturressursar i området er gjort greie for under, medan verknadar for naturmangfald er beskrive under Kap. 6.5.

4.7.1 Naturtypelokalitetar

Planområdet har ingen registrerte naturtypelokalitetar frå før, søk vart gjort i Naturbase oktober 2023. I Naturbase er det derimot registrert fleire naturtypelokalitetar i nærområde. Av desse vurderer ein lokaliteten nedre Laukhammar (ID: NINFP1910002335) nærast planområde, som mest relevant (figur 18). Lokaliteten er i Naturbase registrert som Frisk lågurtedellauvskog på ca. 5765 m². Av sårbare artar er det her registrert stortrollurt og villeple, samt den nær truga arten indigorødspore. Det er ikkje registrert framandartar i område. Tilstanden er vurdert som moderat på bakgrunn av skogens alder som er eldre produksjonsskog, og på grunn av relativt høg busksjiktdekning (25-50%).



Figur 17: Kart som syner naturtypelokalitet NINFP1910002335.

Kjelde: www.naturbase.no

4.7.2 Artsmangfald

Tilgjengelege kartdata frå Artsdatabanken viser at det kan vere førekomst av Stortrollurt og indigorødspore i planområde, som i norsk rødliste er vurdert som to nær truga artar (NT). Område omfattar ingen registrerte framande artar som er på svartelista som høgrisikoartar for norsk natur. Utover dette består planområde i hovudsak av fulldyrka jord, og mindre felt med artar knytt opp mot lågurtedelløvsog, som eik og hassel, med gras- og urterikt feltsjikt. Naturtypen i området vert rekna som vanleg førekomande langs kyst- og midtre fjordstrøk på Vestlandet.

4.7.3 Naturressursar


Kartdata frå Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) viser at store delar av planområdet består av fulldyrka jord. I område finn ein elles innmarksbeite, open skrin fastmark og eksisterande utbygging (figur 19). Det er ingen registrerte førekomstar av mineral, pukk og grus eller naturstein i planområdet. Berggrunnen i område består i hovudsak av granittisk gneis og tynt, usamanhengande dekke av morenemateriale over berggrunnen



Figur 18: Markslag i område. Kjelde: NIBIO, 2023.

4.7.4 Fiskeriinteresser, marineinteresser og ferdsle på sjø

Områda i sjø er i gjeldane kommuneplan vist som kombinert formål (AFFNF); Akvakultur, Ferdslø, Fiske, Natur og Friluftsområde (viser til Kap. 3.3). Det vart 23.10.2023 gjort søk i Fiskeridirektoratets Yggdrasil og Kystverkets Kystinfo. Det er i område ingen registrerte fiskeplassar, verken for aktive eller passive reiskap, samt låssettings-plassar. Det er heller ingen spesielle havsediment, skjøl-førekomstar, korallrev eller marine naturtypar som bør takast omsyn til. Ca 70 meter utanfor landområde i planen er der registrert eit gytefelt for torsk frå 1988 (oppdatert 2002), sjå figur 20. Tema er vurdert opp mot planframlegget under Kap. 6.8.



Figur 19: Gytefelt for torsk vist med skravert sirkel i sjø. Planområde er markert med raud sirkel. Kjelde: www.kystverket.no

4.8 Friluftsliv og folkehelse, born og unge sine interesser

Planområde har spreidd utbygging av fritidsbustadar og naust frå før, og grensar til utbygging av same slag. Planområde omfattar ei grovkorna strand som vert noko nytta til bading av lokale folk i område. Elles er område i hovudsak nytta som ferieplass med utfartsområde for fritidsbåtar. Det er ingen registrerte friluftsområde innfor planområdet. Nærast registrerte friluftsområde er Skorpo friluftslivområde (ID:FK00010500) som utgjør eit areal på ca. 4296,2 daa sentralt på øya. Område er vurdert til å ha «noko» brukarfrekvens, potensielt «ganske stor» brukarfrekvens. Tilgjenge er rekna er «dårleg» ettersom område ligg på ei øy, og mange er avhengig bil eller båt for å koma dit. Friluftslivområde har ingen spesiell funksjon, men kalkrik grunn gjev rik og frodig vegetasjon, og grunnlag for gode naturopplevingar. Friluftslivområde Skorpo ligg knappe 100 meter frå planområdet i luftlinje, viser til kartutsnitt figur 21. Av kartutsnittet kan ein også sjå at planområde ligg i nærleiken av Kråko Friluftslivområde (ID: fk00010500) i sør-aust. Dette område utgjør eit areal på ca. 731,2 daa og dekkjer følgjande øyar, holmar og kjer; Bleikjo, Langøya, Kubbholmen, Flatøya, Flataskjeret og Kråko med tilgrensande sjøareal. Område er bandlagt etter lov om naturvern, som Verneområde for fugl med ferdselsrestriksjonar 15 april til 31 juli. Friluftslivområde har ingen vurdert brukarfrekvens, men potensiale er vurdert som

stort. Tilgjenge er avgrensa og avhengig båt. Den største øya Kråko i friluftsområde, har mykje skog som det pågår arbeid med å rydde. Dette vil lette tilgjenge til øya.



Figur 20: Kartutsnitt som syner registrerte friluftsområde kring planområdet, vist med raud sirkel.
Kjelde: www.fylkesatlas.no.

Kva gjeld folkehelse, så ligg planområdet altså i nær tilknytning til flott natur, både på land og sjø, og område kan reknast som godt tilrettelagt for utøving av friluftsliv. Ein ser det som positivt at planområde har tilgang til eit naturleg strandområde som kan nyttast av born og unge i alle aldrar. Utover etablerte kai-/bryggjeanlegg kan ein ikkje sjå at planområde er spesielt tilrettelagt i dag.

4.9 Trafikkforhold

Planområde grensar til kommunal veg, Skorpevegen (KV2501), i nord-vest (figur 22). Skorpevegen har ei fartsgrense på 50 km/t, og er asfaltert med ei regulert vegbreidd på ca. 3,0 meter. Område har ingen etablerte fortau.



Figur 21: Skorpevegen, nord-vest for planområde, sett mot sør. Kjelde: [googlemaps.no](https://www.googlemaps.no)

Planområde omfattar ein parkeringsplass og ei trafikklorre som ligg i tilknytning til Skorpevegen, som vist i figur 23 og 25.



Figur 22: Eksisterande trafikklorre langs Skorpevegen nord-vest i planområdet, sett mot sør. Kjelde: www.googlemaps.no

Det er ingen registrerte trafikkulykker i området. Planområdet har per i dag ingen tilkomstveg, og grunneigarar i område parkerer på opparbeidd parkeringsplass langs Skorpevegen. Her i frå vert det nytta naturstiar som vert regelmessig vedlikehalde med grasklippar over fulldyrka jord og grasmark. Stiane fører fram til eksisterande fritidsbustadar og til sjø (figur 24).



Figur 23: Tilkomst til eksisterende bygg og båt plassar går over fulldyrka jord og grasmark i dag.

4.9.1 Kollektivtilbod

Øya Skorpo har ingen kollektivtilbod i dag.

4.9.1 Parkering

Grunneigarar i område parkerer på eksisterande parkeringsplass langs Skorpevegen vest i planområdet (figur 25). Utover dette er det ingen etablerte parkeringsplassar i planområdet i dag.



Figur 24: Eksisterande parkeringsplass langs Skorpevegen vest i planområdet, sett mot aust.
Kjelde: www.googlemaps.no/streetview.

4.9.1 Universell tilgjenge

Område er ikkje tilrettelagt for universell tilgjenge i dag.

4.10 Teknisk infrastruktur

Området er delvis utbygd frå før, og reguleringsplanen legg opp til ei fortetting. Område har straumforsyning, men ikkje tilgang til kommunalt vatn eller overvatn per i dag.

4.10.1 Vatn og avlaup

Eksisterande fritidsbustadar har borehol til vass-forsyning og slamavskiljar med utslepp til sjø på spillvatn. Ein forstår det slik at fritidsbustadane har kvar sitt borehol og kvar sin slamavskiljar. Avlaupsanlegget er privat.

4.10.2 Overvatn

Området har naturleg avrenning mot sjø og kalkulering av vassmengder gjennom verktøyet FlomKuben syner at overflatevatn samlar seg og renn ut i sjø sentralt i planområde (viser til figur 25).



Figur 25: Blå linje syner naturleg samling av overflatevatn i dag.

4.10.3 Straum

Det er ingen høgspenlinjer i området i dag. Det vil ikkje vere noko problem å leggja straum til nye bygg i området ettersom det er etablert straum her i dag. Etter det vi kjenner til er det ikkje infrastruktur for andre energikjelder i området, som t.d. biogass m.v.

4.11 Sosial infrastruktur

Planområdet ligg landleg til langs sjø på søre Skorpo. Øya har fastlandsforbindelse over Trongsundet i nord, men ingen kollektiv transport. Det er i dag ingen fastbuande på Skorpo, og øya er i hovudsak nytta som hytteområde/fritidsstad. Utbygging er stort sett avgrensa til områda Lauk-hammar i sør, Skorpo sentralt i aust, og område lengst nord på øya. Total på Skorpo er det ca. 34 naust/ rorbuer og 50 fritidsbustadar i tillegg til uthus/garasjar i dag. Næraste handelsstad med bil ligg på Onarheim (ca. 10 km) eller i Uggdal (ca. 25 km) på Tysnes. Dersom ein har båt vert næraste handelsstad Nord-Huglo (ca. 4,0 km) eller Husnes (ca. 7,0 km).

4.12 Risiko- og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Jf. plan- og bygningslova § 4-3 vert det stilt krav om gjennomføring av risiko- og sårbarheits analyse for reguleringsplanar for å sikre at samfunnstryggleiken vert ivarettatt og oppfølgt. For å kunna redusera omfang av skader og uønskt hendingar, skal risiko og sårbarheit kartleggast i høve menneskeskapte og naturskapte hendingar. Gjennomgang av moglege uønskt hendingar i dette kapittelet er gjort med utgangspunkt i eksisterande situasjon. Sjå kap. 8 for ROS-analyse av framlagt planforslag. Risiko er knytt til uønskt hendingar og deira usikkerheit til om hendinga inntreff (sannsyn/frekvens) og omfang (konsekvens).

4.12.1 Metode

ROS-analysen tek utgangspunkt i rettleiaren *Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging*, utarbeidd av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap, 2017, og følgjer krav frå TEK17.

Risiko = Sannsyn x Konsekvens → Kombinasjon av sannsyn og verknad av ei hending

Ei risiko- og sårbarheits analyse er ei vurdering av:

- Moglege uønskte hendingar som kan inntreffe i framtida
- Sannsynet for at den uønskt hendinga vil inntreffe
- Sårbarheit ved systema kan påverke sannsyn og konsekvens
- Kva konsekvensar hendinga vil få
- Usikkerheita ved vurderingane

Samfunnsverdiar og konsekvenstypar er utgangspunktet for konsekvensvurderingane i ROS-analysen. I analysen har ein vurdert liv og helse, ytre miljø, tryggleik/stabilitet, samt eigedom/materielle verdiar. ROS-analysen følgjer TEK17 (kap. 7) som gjev sikkerheitsklassar for naturpåkjenningar på bakgrunn av fare for liv og helse og/eller større materielle verdiar. Basert på sikkerheitsklassen som utbyggingsføremålet høyrer til er det angitt nominell årleg sannsyn.

I ROS-analysen vert sannsyn brukt som eit mål for kor truleg det er at ei bestemt uønskt hending vil inntreffe innanfor området som det er utført ROS-analyse for, basert på vårt kunnskapsgrunnlag. ROS-analysen er vidare tilpassa dagens forskrifter og rettleiarar. Sannsyn og konsekvens er ikkje vurdert for tema som ein reknar som irrelevant.

Tabell 4: Sannsyn for kor ofte ei hending kan forventast å inntreffe (frekvens).

	Sannsyn	Frekvens	TEK 17
1	Mykje sannsynleg	Meir enn ei hending kvart 20. år	S1/F1
2	Sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 20. år, men meir enn ei hending kvart 200.år	S1/F1
3	Noko sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 200. år, men meir enn ei hending kvart 1000.år	S1/F2
4	Lite sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 1000. år, men meir enn ei hending kvart 5000.år	S2/F3
5	Usannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 5000. år	S3

Tabell 5: Konsekvens; Omfanget av skadar som samfunnet blir påført av ei hending.

Konsekvens	Vekt	Menneske (liv og helse)	Ytre miljø (Luft, jord, vatn)	Materielle verdiar
Katastrofalt	5	Ein eller fleire daude	Svært alvorlege og langvarige skadar, uoppretteleg miljøskade	Skade for meir enn 50 mill. kr
Farleg	4	Alvorlege skadar/ein daud	Alvorlege skadar med regionale konsekvensar, som vil utbetrast på sikt (> 1 år)	Skade mellom 5 mill. og 50 mill. kr
Kritisk	3	Alvorlege personskadar	Omfattande skadar med regionale konsekvensar, som vil utbetrast på sikt (< 1 år)	Skade mellom 500 000 og 5 mill. kr
Ei viss fare	2	Få og små personskadar	Mindre/lokale skadar, som naturen sjølv utbetrar på kort tid	Skade mellom 50 000 og 500 000 kr
Ufarleg	1	Ingen personskadar	Ingen eller ubetydeleg skade	Skade for inn til 50 000 kr

Forhold i raude felt



Medfører uakseptabelt risiko. Her **skal** risikoreduserande tiltak gjennomførast, alternativt skal det gjennomførast meir detaljerte ROS analyser for ev. å avkrefte risikonivået.

Forhold i gule felt



ALARP-sone, dvs. avbøtande tiltak skal/bør gjennomførast for å redusera risikoen så mykje som råd. (ALARP = AS Low As Reasonable Practicable). Det vil ofte vera naturleg å leggja ein kost- nytteanalyse til grunn for vurdering av endå fleire risikoreduserande tiltak.

Forhold i grøne felt



I utgangspunktet akseptabel risiko, men fleire risikoreduserande tiltak av vesentleg karakter skal/bør gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar.

Tabell 6: Risikomatrixe. Kombinasjon av sannsyn og konsekvens.

		HELSE OG LIV					STABILITET OG YTRE MILJØ					MATERIELLE VERDIAR				
Sannsyn	1	1.1	1.2	1.3	1.4	1.5	1.1	1.2	1.3	1.4	1.5	1.1	1.2	1.3	1.4	1.5
	2	2.1	2.2	2.3	2.4	2.5	2.1	2.2	2.3	2.4	2.5	2.1	2.2	2.3	2.4	2.5
	3	3.1	3.2	3.3	3.4	4.5	3.1	3.2	3.3	3.4	4.5	3.1	3.2	3.3	3.4	4.5
	4	4.1	4.2	4.3	4.4	4.5	4.1	4.2	4.3	4.4	4.5	4.1	4.2	4.3	4.4	4.5
	5	5.1	5.2	5.3	5.4	5.5	5.1	5.2	5.3	5.4	5.5	5.1	5.2	5.3	5.4	5.5
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5
Konsekvens																

4.12.2 Risikomatrixe (vurdering av alle relevante forhold)

Tabell 7: Ros-analyse (før utbygging).

Type hending	Kategori	Uønskete hendingar	Nr	Vurdering	Helse og liv	Stabilitet	Ytre miljø	Materielle verdjar
Naturhendingar	Ekstremvær	Sterk vind	1	Sterk vind fører sjeldan til skade på menneske, men kan føre til skog og bygningsskade. Skadar som oppstår er gjerne som følgjer av lausrivne bygningselement og rotvelta skog. Ein kjenner ikkje til spesielle hendingar knytt til vind i område frå før. Sterk vind kan førekoma, men vert ikkje rekna til å utgjør nemneverdig risiko.	3.1	3.1	3.1	3.1
		Store nedbørsmengder	2	Klimaendringane er generelt venta å føre til auka nedbørsmengd, samt hyppigare og meir intense nedbørsperiodar som er venta å kunne gje auka materielle skadar. Ein kan utover dette ikkje sjå at den gjennomsnittlege årsnedbøren i området gjev grunnlag for særskilt omsyn. Planområdet har lite utbygging og mykje naturleg terreng, vegetasjon og drenerande flater. Avrenning går	2.1	2.1	2.1	2.1

			anten direkte til sjø eller via eksisterande bekke- laup. Ut i frå dette ser store nedbørmengder som lite problemastisk.					
	Spring- /stormflo	3	Spring-/stormflo kan førekoma. Eksisterande naust i planområde ligg stort sett på ca. kote +2, eldre naust truleg noko lågare. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) gir råd om sikkerheitsklassar med klimapåslag for Skorpo basert på sikkerheitsklassar i TEK10/17. Naust fell inn under sikkerheitsklasse 1, kor anbefalt kotehøgde er frå +1,7. Eksisterande fritidsbustadar i planområde ligg i dag på min. kote +2,0. Anbefalt kotehøgde frå DSB er ca. +1,9. Ein kjenner ikkje til at spring- /stormflaum er eit problem i dag.	1.1	1.1	1.1	2.1	
	Flaumfare	Flom i elv/bekk	4	Det er noko vass-sig igjennom området, som blir samla til to korte små bekkar nedst mot sjø. Ein kjenner ikkje til at desse er utsett for flaum ved større nedbørsperiodar i dag.	1.1	1.1	1.1	1.1
Flom i vass- drag/ innsjø		5	Planområde omfattar ingen vassdrag/innsjøar.					
Urban flaum/ overvasshand- tering		6	Planområde omfattar ingen urbane område. Planområde har spreidd utbygging og er domi- nert av naturleg vegetasjon med store drener- ande flater. Tema vert såleis ikkje relevant.					
Springflo/ Stormflo		7	Viser til vurdering under punkt 3 over.					
	Skredfare	Steinsprang	8	Planområde ligg i utkanten av faresone for ras- og skredfare (H310_1-90) i KPA. Utlauksområde omfattar éin fritidsbustad i dag. Ein kjenner ikkje til hendingar knytt til ras-/skredfare i området frå før. Vurdering er basert på dagens situasjon før geologisk rapport frå Ingeniør Jørgensen låg føre. Viser til vedlegg 1 og Kap. 6.12.	3.4	3.4	3.4	3.4
Lausmasseskred		9	Utover pkt. 8 og 11, kan ein ikkje sjå at det er fare for lausmasseskred i område. Mildt kyst- klima gjennom året gjev indikasjon på at områ- det normalt har lite snø og snø som ligg over korte periodar. Ut i frå dette vurderer ein sann- syn og konsekvens for snøskred som låg.	3.1	3.1	3.1	3.1	
Is og snøskred		10	Viser til pkt. 9					
Kvikkleireskred		11	Det er ikkje registrert fare for kvikkleire i områ- det frå før, men planområde ligg under marin grense, og lausmassekart viser at område har dekke av tynn morene. Morene kan i enkelte tilfelle ligge over marin leire, og område bør følgjande undersøkast nærare av fagkyndig. Vurdering er basert på dagens situasjon før geologisk rapport frå Ingeniør Jørgensen låg føre. Viser til vedlegg1 og Kap. 6.12.	3.3	3.3	3.3	3.3	
Historiske hendingar		12	Vi er ikkje kjend med historiske hendingar i området.					
Andre uønskt	Byggegrunn	Setningar og utglidingar	13	Vi er ikkje kjende med tiltak eller grunnforhold som kan ha betydning for planområdet utover pkt. 11.				

	Forureina grunn	14	Det er ingen registrering av forureina grunn i området.				
	Radon	15	Området er registrert med moderat til låg radonaktsemd i NGU sitt aktsemdskart for radon.	2.1			
Forureining	Drikkevasskjeldene (brønner etc.)	16	Det er ikkje kommunalt vatn i området i dag, Eksisterande hytter har private borehol.	2.1			
	Badevatn, fiskevatn, vassdrag, sjø o.l.	17	Planområde omfattar ingen bade- eller fiskevatn, men ligg til sjø kor det er eit lite omfang av utslepp tilknytt marine aktivitetar i dag.	2.1	2.1	2.1	
	Nedbørsfelt	18	Det er ikkje avrenning til drikkevasskjelde frå området. Avrenninga går stort sett til sjø.				
	Luft - Støv, partiklar/røyk	19	Det er ikkje registrert forureining av luft i området. Trafikkmengd i område er beskjeden.	2.1	2.1	2.1	2.1
	Støy	20	Ein kjenner ikkje til registrerte støykjelder i området.				
Transport	Ulykker på veg	21	Det er ingen registrerte trafikkulykker, og området har beskjeden trafikkmengde i dag	3.2	3.2	3.2	3.2
	Ulykker på bane, luft og sjø	22	Det er ikkje bane eller flyplass i nærleiken. Ein kjenner ikkje til ulykker på sjø i nærområdet.				
	Utslepp av farleg stoff	23	Ein kjenner ikkje til transport i området som kan føre til utslepp av farleg stoff.				
	Støy	24	Trafikken i området er svært beskjeden. Ein kjenner ikkje til nemneverdige støykjelder.				
Næringsverksemd	Utslepp av farleg stoff	25	Planområde omfattar ingen næringsverksemd som potensielt kan medføre miljø- eller helse-skadeleg utslepp.				
	Akutt forureining	26	Planområde omfattar ingen aktivitetar som kan føre til akutt forureining.				
	Brann, eksplosjon i industri	27	Planområde omfattar ingen industrielle aktivitetar som kan føre til brann eller eksplosjon.				
Brannfare	Skog- og vegetasjonsbrann	28	Vegetasjon, for det meste landbruksområde. Lite skog. Planområdet er ikkje særskilt utsett.	2.1	2.1	2.1	2.1
	Brannfare i bygningar	29	Spreidd utbygging. Planområdet er ikkje særskilt utsett.	2.1	2.1	2.1	2.1
Eksplosjonsfare	Eksplosjon i industriverksemd	30	Det er ikkje registrert industriverksemd som kan medføre eksplosjon i området.				
Beredskap	Brann	31	Planområde vert dekkja av Tysnes brann- og redning, nord-vest på Tysnes. Planområdet er vurdert som tilstrekkeleg dekkja av brann- og redningsetatar.				
	Ambulanse	32	Tysnes Ambulansetasjon ligg nord-aust på Tysnes, og næraste legekantor ligg nord-vest på Tysnes. Planområdet er vurdert som tilstrekkeleg dekkja av nødhjelpsetatar.				

Kjeldebruk: Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap 2017, DSB Veileder Samfunnssikkerhet i kommunenes arealplanlegging. Metode for risiko- og sårbarhetsanalyse i planleggingen.
www.fylkesatlas.no (temakart)
www.ngu.no (temakart)
www.atlas.nve.no (temakart)
www.seklima.met.no
www.artskart.artsdatabanken.no

www.miljoatlas.miljodirektoratet.no
 www.vegvesen.no
 www.tysnes.kommune.no

ROS-analysen dekker her eksisterande situasjon og er undersøkt med utgangspunkt i kjente databasar, sjå kjeldebruk. Usikkerheita i datagrunnlaget viser behov for nærare undersøking av skredfare i område. Utover dette er ROS-analysen vurdert til å vera tilstrekkeleg for vurdering av eksisterande situasjon og i forhold til 0-alternativet (dagens/ uendra situasjon). Skredfare er vurdert av fagkyndig i vedlegg 1, og ein viser til vurdering av tema opp mot planframlegget under Kap. 6.12 og 7.1.


5 Skildring av planframlegget

5.1 Planlagt arealbruk

Planområdet er om lag 22,2 daa og tabell 8 viser fordeling av dei ulike føremåla, medan figur 27 viser utsnitt frå plankartet.

Tabell 8: Føremål i planområdet.

Føremål	SOSI-kode	Storleik, dekar
Fritidsbustader – frittliggjande (FBF1-6)	1121	8,4
Småbåtanlegg i sjø og vassdrag (SMB1-3)	1587	2,2
Naust (UNB1-4, f_UNB5)	1589	1,2
Køyreveg (KV1-2)	2011	0,6
Annan veggrunn – grøntareal (o_AVG1-3, AVG411)	2019	0,6
Kai (KAI1)	2041	0,2
Parkeringsplassar (PP1-2)	2082	0,4
Blågrønstruktur (BG 1-8)	3002	3,0
Turveg (TV1-2)	3031	0,3
Badeplass/-område (BAD1)	3041	0,1
Badeområde (VBAD1)	6770	0,7
Kombinert formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone (VK1)	6800	4,3
Omsynssoner	SOSI-kode	Storleik, dekar
Frisiktsoner	H140	0,1
Føresegnområder	SOSI-kode	Storleik, dekar
Krav om særskilt rekkefølge for gjennomføring av tiltak (#10_1)	-	1,5



Figur 26: Utsnitt plankart.

5.2 Generelle føringar for planområdet

Viser til felles reguleringsplanføresegner under § 2.0. Det skal leggast vekt på god landskapstilpassing og stadeigen byggeskikk ved oppføring av nye bygningar og anlegg. Nybygg skal tilpassast eksisterande tomte- og utbyggingsstruktur, samt tilgrensande bygg. Nye tiltak skal plasserast og utformast slik at den underordnar seg terrenget. Dersom nye bygningar og anlegg, på grunn av form, storleik, eller plassering ikkje let seg underordne landskapet, skal desse utformast slik at landskapet vert understreka. Det skal leggast vekt på miljømessige kvalitetar i val av material, vegetasjon og belysning.

Nye bygningar skal utvendig ha naturfarge, men på listverk og karmtre kan det nyttast kontrastfargar. Nye bygningar som er samanbygde eller består av fleire einingar, skal ha ein samstemt materialbruk på tak og veggjar, men for å unngå for mange like einingar, skal bygningane varierast i farge og materialbruk.

Det skal ikkje setjast opp gjerde, skiljeveggjar eller andre stengsel i strandsona og på kai som kan vera til hinder for ålmenta si ferdsl i desse områda, med unntak av naudsynte sikringstiltak eller av omsyn til beitande dyr.

Ubygd del av tomte skal gjevast ei tiltalende utforming, med gode dekkemateriale og vegetasjon. Alle terrengingrep skal skje mest mogeleg skånsamt. Det skal formast nytt terreng som saman med tilgrensande område skapar ein ny heilskap. Overgangssoner mellom planert areal og tilgrensande område skal tilpassast terrenget og gjevast ei tiltalende utforming. Murar og skjeringar som overstig 1,5 meters høgde må avtrappast og handsamast på særskilt estetisk vis. Skrentar og fyllingar skal revegeterast og plantast til der det er mogleg.

Naudsynt rydding av vegetasjon kan gjennomførast for å kunne gjennomføre tiltak innanfor utbyggingsområda, men større tre og anna verdifull vegetasjon skal i størst mogeleg grad takast vare på.

Fyllingar skal tilsåast/revegeterast og terreng skal tilplantast med vegetasjon som er naturleg i området. Ved tilplanting/revegetering i planområdet skal det ikkje nyttast framande artar kategorisert i dei to øvste risikokategoriene i norsk framandartsliste. Tilførte massar må vere reine og fri for framande skadelege plantar. Dersom det vert oppdaga framande artar som vurderast som høgrisikoartar etter anlegg er ferdig, må desse bekjempast/fjernast. Massar i frå planområdet som inneheld levande planterestar i frå framande artar, bør fortrinnsvis brukast innanfor planområdet, som botnmassar under tette flater, og det skal leggjast duk over jordmassane for å avgrense spiringsevne.

5.3 Arealføremål i planframlegget

Illustrasjonsplan i figur 28 viser korleis ein ser føre seg framtidig utvikling av område. Dette er berre eit utkast, og bygging i område vil først verta fastsett i samband med ei eventuell byggemelding.



Figur 27: Illustrasjonsplan.

5.4 Område for bygningar og anlegg

5.4.1.1 Fritidsbustader – frittliggjande, FBF1-6

Områda FBF1-6 skal nyttast til frittliggjande fritidsbustader med tilhøyrande parkeringsplassar, uthus/garasje-/carport og uteoppholdsareal. Innanfor områda kan det først opp totalt sju nye frittliggjande fritidsbustader, som saman med eksisterande fritidsbustadar fordeler seg som følgjer;

FBF1: 1 ny fritidsbustad (tomt 4)

FBF2: 1 eksisterande fritidsbustad (tomt 3), 2 nye fritidsbustadar (tomt 2 og 5)

FBF3: 1 eksisterande fritidsbustad (tomt 1)

FBF4: 1 eksisterande fritidsbustad (tomt 7)
FBF5: 2 nye fritidsbustadar (tomt 6 og 8)
FBF6: 1 eksisterande fritidsbustad (tomt 9), 2 nye fritidsbustadar (tomt 10 og 11)

Fritidsbustadane kan byggast med eit bruksareal på inntil 130 m². Maksimal mønehøgde er 6,5 m målt frå gjennomsnittleg terreng, maksimalt to etasjar. I tillegg kan det først opp uthus/garasje/carport på inntil 20 m² BYA, med maksimal mønehøgde 3 meter. Maksimal utnyttingsgrad %-BYA er sett til 35 %.

Utvendig kledning ska vera av tre. Grunnmur skal vera av naturstein (ev. forblenda med naturstein), eller bygg kan stå på pelar. Grunnmur/pelar skal vera så låg som mogeleg. Tak skal tekkjast med skifter, uglaserte teglpanner eller bord. Uthus/garasje/carport skal tilpassast eksisterande hytte når det gjeld byggjestil og fargeval.

Tomtene skal bevarast som naturtomter, der minst mogleg eksisterande vegetasjon skal fjernast i samband med oppføring av bygningar. Det er tillate med terrassar på bakken, tilpassa terreng. Store terrassar med rekkverk som skapar ei dominerande visuell verknad er ikkje tillate. Det er ikkje tillate å gjerde inn tomtene, eller plante til grenser med hekkar o.l. Unntaket er dersom tilgrensande eigedomar har beitande dyr.

5.4.1.2 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag, SMB1-3

I områda SMB1-3 kan det etablerast brygge/kai og flytebryggjer med landgang og utriggarar. Det er frå før etablert 3 kaianlegg og 2 stk. flytebrygger innanfor planområde. Allereie etablerte kaianlegg, brygger og flytebrygger kan vidareførast, og vedlikehald av desse er tillate. Naudsynte tiltak som går på vedlikehald og oppgradering skal skje utan store, irreversible terrengingrep.

Brygge-/kaianlegg i planområde skal vera opne for ålmenn ferdsle. Nye brygge-/kaianlegg skal maks ha ei breidde på 3 meter, og høgde minimum kote +1,5. Bryggefront skal vere kledd med treverk og vera av same utforming/materiale innanfor same område. Brygge-/kaianlegg skal fortrinnsvis etablerast på pelar, og bør etablerast utan store, irreversible terrengingrep. Der det er grunne djupneforhold kan kai-/bryggeanlegg etablerast på fylling. Fylling/fyllingsfot skal ikkje hindre tilflott til kringliggande kai-/bryggeanlegg.

Det skal leggast til rette for maks. to båtplassar per naust. Nye flytebrygger skal maks vere 15 m² og ha maks 2,5 meter breidde. Lengda på uteliggjarar er regulert av føremålsgransene. Flytebryggene skal ikkje hindre fri ferdsel til, eller fortøyning av båtar, for tilgrensande eigedomar (tilflot) eller badestrand VBAD1. Anker og ankerstreng kan gå ut over arealføremålet, men skal ikkje hindre fri ferdsle i tilstøytane arealføremål VK1 eller hindre badeaktivitet i VBAD1. Småbåtanlegga skal vera til felles bruk for nausteiningane knytt til småbåtanlegget. SMB1 er til felles bruk for FBF3 og UNB1. SMB2 er til bruk for UNB3. SMB3 er til felles bruk for UNB4 og f_UNB5.

5.4.1.3 Naust, UNB1-4, f_UNB5

Innanfor områda UNB1-5 er det tillate å etablere naust, sjøbod og kai-/bryggjeanlegg. Naust er definert som eit uthus; ein bygning i strandsona for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiske-reiskapar. Naust skal ikkje omdisponerast eller nyttast som fritidsbustad eller bustad. Det skal vera mogleg for ålmenta å ferdist framfor naust og mellom naust/naustgrupper. Innanfor føremålet kan det byggast totalt åtte nye nausteiningar, som saman med eksisterande naust fordeler seg som følgjer;

- UNB1: 1 eksisterande naust, 1 ny sjøbod
- UNB2: 1 ny nausteining
- UNB3: 1 eksisterande naust
- UNB4: 1 eksisterande naust, 1 ny nausteining
- f_UNB5: 6 nye nausteiningar i fellesnaust

Innanfor UNB2 er avsett arealuttstikk mot sjø i utgangspunktet tenkt som badebrygge i tilknytning til tilgrensande badestrand (BAD1), med mogleg tilgang for småbåt.

Utforming skal vera i samsvar med byggeskikk for naust i området. I område f_UNB5 med fleire naust i rekkje, skal bygningane ha varierende høgde, storleik og form, der fleire mindre nausteiningar kan plasserast i éin bygningskropp (viser til illustrasjonar figur 29 og 30). Naust skal generelt vera maks. 40 m² BRA, og sjøbod maks 20 m² BRA. Bygningane skal ha saltak med takvinkel 35-45 grader, vera maks. 1 etasje og ha maks. mønehøgde 5 meter over lågaste terreng under bygget.

Fellesnaust i f_UNB5 kan vera maks 150 m², der kvar eining kan maks vera 25 m². Einingane i fellesnaustet skal saksast og ha varierende høgde og form.

Takuttstikk skal vera knappe, og det er ikkje tillate med takvindaug, terrassar, balkongar, ark, karnapp eller større vindaug. Vindaug kan ikkje vera større enn at gjennomsnittleg dagslysfaktor i rommet er maksimum 2% eller at rommets dagslysflate utgjør maksimum 10% av rommets golvareal. Naust/sjøbod skal plasserast med overkant golv i 1 etg. på minimum kote +1,7 for å hindre skader på byggverk ved stormflo o.l. Minimum planeringshøgde er difor sett til kote +1,5. Naust/sjøbod og tilhøyrande anlegg og aktivitetar skal ikkje hindre fri ferdsel i strandsona. Det er ikkje tillate med gjerde/levegg eller andre stengsler i naustområda, og det er ikkje tillate med rekkverk, levegg, grillhus, anneks eller uthus.



Figur 28: Illustrasjon frå Fronta som viser potensiell utbygging av naustområde UNB4 og UNB5, sett mot nord. FRONTA AS



Figur 29: Illustrasjon frå Fronta som viser potensiell utbygging av naustområde UNB4 og UNB5, sett mot vest. FRONTA AS

5.5 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

5.5.1.1 Køyreveg (KV1-2)

Viser til kap. 4.9 Eksisterande trafikksituasjon. Føresegnene gir at teknisk plan for veg, vatn, avløp og overvatn skal godkjennast av Tysnes kommune i samband med byggjemeldinga av dei tekniske anlegga. Vidare at alle vegar innanfor planområdet skal vera opne for ålmenta og ikkje skal sperrast med hindringar av noko slag. Alle vegar, gangareal og fortau skal utformast ihht. Statens vegvesen si handbok N100 Veg -og gateutforming.

Planområdet vil få ny tilkomstveg frå den kommunale vegen Skorpevegen KV2501 i nord-vest. Her går i dag ein eldre tilkomstveg. Tilkomstvegen er vist som KV1 i plankartet og skal utformast som ein *Øvrig bustadveg* etter vegnormal N100, og fungere som privat tilkomstveg til naust- og fritidsbustadområdet. Vegen skal opparbeidast med ei breidde på 3,0 meter inkl. vegskulder, og vera køyresterk, grusa med grønt isådd preg. I tråd med vegnormalen skal det ut mot Skorpevegen opparbeidast siktsoner på 4m x 20m, som vist i plankartet.

KV2 er ein eksisterande grusa tilkomstveg til parkeringsplass PP2, som i utgangspunktet skal liggja som i dag. Vegen er regulert med utbetra siktsoner på 4x20m, som vist i plankartet.

Området har forholdsvis små landskaps- og terrengvariasjonar, og stigningsforhold på vegar vil verta <8%, som er i tråd med Statens vegvesen si handbok N100. Geometri og utforming av nye køyrevegar i planområdet tilseier at fartsgrense bør setjast til 30 km/t. Anslått årleg døgntrafikk (ÅDT) i planområdet vil liggja på < 60. Ein vurderer på bakgrunn av lite trafikk og låg fartsgrense at det ikkje vil verta behov for etablering av fortau i området. Planlagd utbygging vil medføre noko auka trafikkmengd, men vert i utgangspunktet ikkje rekna å utløyse behov for trafikksikringstiltak eller utbetring av eksisterande vegnett i området.

5.5.1.2 Annan veggrunn – grøntareal (o_AVG1-3, AVG4-11)

Langs alle nye og eksisterande vegar i planområdet er det avsett 1,0 meter grøft vist som annan veggrunn. Innanfor områda avsett til annan veggrunn er det høve til å setje opp anlegg for tekniske innretningar som høyrer vegen til, som støttemurar, rekkverk, lyssetting og grøfter. Vidare kan arealet nyttast til snølagring, avkøyrslar, skråningar, skjeringar, grøfter og overvasshandtering. Områda skal vera ordna/tilplanta for slik å kunne handtere avrenning i frå veg og overvatn frå planområdet. Arealet skal opparbeidast og haldast ved like for å sikre naudsynt kapasitet.

5.5.1.3 Kai, KAI1

Langs UNB4 og 5 er det avsett areal for oppføring av kaianlegg (KAI1). Kaianlegget skal vera opent for ålmenn ferdslar til fots. Føresegnene gir at kaien ikkje kan etablerast lengre ut enn 3 m frå kystkonturen, og høgde skal vera på minimum kote +1,5. Front skal vere kledd med treverk og vera av same utforming/materiale innanfor same område. Kaien skal fortrinnsvis etablerast på pelar, og bør etablerast utan store, irreversible terrenginngrep. Der det er grunne djupneforhold kan kaien etablerast på fylling.

Tiltak i sjø som fell inn under hamne- og farvasslova skal godkjennast av Hamnemynde. Tiltak som kaiar, flytebrygger, utfyllingar, sjøleidningar m.m. krev løyve frå hamnemynde i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova, jf. hamne- og farvasslova § 14. Kaiområde skal forsynast med livredningsutstyr og kaikantar sikrast. Leidningar i sjø skal leggjast/festast slik at dei ikkje heftar fiskeutstyr eller er til hinder for ankring eller ferdslar. Tiltak i sjø skal ta omsyn til eksisterande leidningar i sjø.

5.5.1.4 Parkeringsplassar, PP1-2

Parkeringsplass PP1 skal opparbeidast som ny, felles parkeringsplass til nye fritidsbustadar i FBF2, FBF5 samt naust i UNB2, UNB3 og f_UNB5. Parkeringsplassen kan totalt opparbeidast med 16 stk. oppstillingsplassar. Det er tillate å leggja til rette lademoglegheit for ladbare køyretøy på parkeringsplassen.

Parkeringsplass PP2 er ein eksisterande parkeringsplass som framleis skal fungere som parkering til eksisterande fritidsbustadar og naust i planområdet og for ålmenta.

5.6 Grøntstruktur

5.6.1.1 Blågrønstruktur, BG1-8

Innanfor føremålet skal dagens vegetasjon bevarast, og det er ikkje tillate å føre opp bygningar. Areal skal vera opne for ålmenta. Vedlikehald og tilrettelegging av eksisterande stiar er tillate. Det er tillate med mindre murar/fyllingar i samband med etablering av turveg (TV2). Det skal ikkje gjerast større landskapsinngrep enn naudsynt. Det skal opparbeidast gode overgangar mellom naturleg vegetasjon og utfylt areal.


5.6.1.2 Turveg, TV1-2

Turveg TV1-2 skal vera opne for ålmenta og fungere som gangveggar frå tilkomstveg KV1 og parkeringsplass PP1 til fritidsbustadar, naust, kai-/båtanlegg, og ålmenn tilgjengelege areal i strandsona. Det er på turvegane tillate med ATV eller liknande køyretøy til naustområda og fritidsbustadområde FBF5 for av/på-lesing av utstyr. Turvegane skal opparbeidast køyresterke og grusa, men vere isådd for eit grønt preg.

Turvegane skal vera best mogleg tilpassa naturleg terreng, og ein skal unngå store, irreversible inngrep i strandsona. Turvegane vil ikkje verta universelt utforma grunna kupert terreng, men skal tilpassast terrenget for å tilstrebe universell utforming. Det er tillate med eit avvik i frå føremålsgrrensa på 0,5 meter.

5.6.1.3 Badeplass-/område (BAD1)

Badeplass-/område BAD1 utgjør ei eksisterande strand som vert nytta til badeaktivitet og maritim rekreasjon i dag (figur 31). Innanfor føremålet kan det leggast til rette for badeaktivitetar, og tiltak som kan hindre eller øydeleggje for badeaktivitet er ikkje tillate. Området skal vera opne for ålmenn bruk.



Figur 30: Bilete over eksisterande badeområde. Kjelde: www.norgebilder.no

5.7 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

5.7.1.1 Badeområde (VBAD1)

Badeområde VBAD1 ligg i tilknytning til eksisterande strand i område BAD1, og er ein viktig del av friluftsområde i sjø som vert nytta til badeaktivitet i dag. Innanfor føremålet kan det leggjast til rette for badeaktivitetar, og etter løyve etablerast badebrygger, stigar o.a. Tiltak som kan hindre eller øydeleggje for badeaktivitet er ikkje tillate. Området skal vera ope for ålmenn bruk. Det er tillate med anker og ankerstreng i frå SMB1, men desse skal ikkje hindre fri ferdsle.

I tilknytning til UNB2 ser ein føre seg å leggja til rette med badebrygge som vil kunne nyttast av ålmenta i samband med badeaktivitetar i område VBAD1.

5.7.1.2 Kombinert formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone (VK1)

Område VK1 utgjer areal i sjø kor følgjande arealføremål er kombinert: Ferdsle (6100), Fiske (6300), Natur (6600), Friluftsområde (6700) og Bøyehamn (6240). Dei ulike arealføremåla i fleirbruksområde er likestilt. Området skal i hovudsak vera fri for faste installasjonar og aktivitetar som kan hindre dei ålmenne interessene som t.d. ferdsel, fiske, friluftsliv eller naturtilstand eller anna ambulerande bruk av områda. Tradisjonelt fiske og ferdsel er tillate.

5.8 Omsynssoner

5.8.1.1 Frisikt (H140)

I tilknytning til køyreveg KV1 og KV2 er det regulert inn frisiktsoner på 4x20m ut mot kommunalveg Skorpevegen, vist i plankart. I frisiktsonene skal det til ei kvar tid vera fri sikt i ei høgd av 0,5 m over tilstøytane vegar sitt plan. For kryss der det ikkje er vist frisikt i plankartet gjeld veglova. Krav til sikkerheitssoner sett i Statens vegvesen si handbok N101 Rekkverk og vegens sideområder må vera tilfredsstilt.

5.8.1.2 Føresegnområde

I samband med reguleringsplanarbeidet er det gjort funn av eit automatisk freda kulturminne innanfor planområdet, viser til kap. 4,6 og 6.4. Kulturminnet er i plankartet vist som føresegnområde #10_1. Arealet er bandlagd etter kulturminnelova fram til Vestland fylkeskommune har gjeve dispensasjon i frå den automatiske fredinga.

5.9 Rekkefølgjekrav

Følgjande rekkefølgjekrav skal vere gjeldande jf. planføresegnene;

- Det skal liggja føre godkjent teknisk plan for veg, vatn, avløp og overvatn før det kan gjevast løyve til større tiltak innanfor området, som t.d. nye fritidsbustader eller naust.
- Det skal liggja føre utsleppsløyve for avløp. Før bruksløyve for VA-anlegg kan gjevast, skal det liggja føre «som bygd» dokumentasjon for anlegget.
- Tomter skal vera ferdig frådelte seinast ved igongsettingsløyve.
- Før det kan gjevast mellombels bruksløyve/ferdigattest for nye fritidsbustader, skal kryssløysing til Skorpevegen og veg KV1 vera etablert fram til den aktuelle tomta, og tomta vere tilknytt godkjent vass- og avlaupsanlegg.
- Før det kan gjevast mellombels bruksløyve/ferdigattest for nye naust og fritidsbustader må tilhøyrande avkøyrslar, siktsoner, tilkomstvegar, parkeringsplassar og turvegar til den aktuelle tomta vera ferdig opparbeidd i tråd med teknisk plan.
- Før iverksetting av tiltak som ligg innanfor føresegnområde #10_1 med automatisk freda kulturminne (id. 298397) i medhald av godkjent reguleringsplan, må det føreliggja godkjent dispensasjon frå Vestland fylkeskommune. Arealet er bandlagd etter kulturminnelova fram til dispensasjon er gjeve.

5.10 Teknisk infrastruktur

5.10.1.1 Parkering

Viser til Kap. 4.9.1 som beskriv dagens parkeringssituasjon, og kap. 5.5.1.4 som gjev føringar for parkering til planframlegget. Planframlegget tilfredsstillar krav til parkeringsdekning.

5.10.1.2 Tilknytning til infrastruktur

Ettersom det ikkje er offentleg vatn og avlaup i område, vil ein ikkje kunne kople seg til eksisterande VA-anlegg. BKK opplyser at næraste trafostasjon ligg ved høgspenlinja nord-vest for planområde, som vist i figur 32.




Figur 31: Kartet syner næraste trafostasjon nord-vest for planområde.

I samband med utbygging må ein vurdere ev. behov for straum og kabelgrøft opp til eksisterande trafostasjon. Ved tilrettelegging av straum, vil ein samstundes også kunne leggja straum til andre tomtar og einingar i område. Straumbehov vert meldt inn til BKK i samband med utbygging, og kraftlaget vil følgjande koma med råd til beste løysing for plassering av kabelgrøft -og skap.

5.10.1.3 Plan for vatn og avlaup

Det er ikkje kommunalt vatn i område, og i utgangspunktet ser ein føre seg at nye eininga, som eksisterande, vil få vatn via borehol på eigen grunn. Kvar fritidsbustad vil ha ansvar for eige vatn. Spillvatn skal i størst mogleg grad samlast i felles private slamavskiljarar for å redusere tal utslepps-leidningar. Ut i frå fallforhold reknar ein at to stk. nye slamavskiljarar, med to nye utsleppsleidningar vil dekkja behovet. Viser til plan for vatn og avlaup, figur 33.



Figur 32: Plan for vatn og avlaup.

Vatn

Dei eksisterande tomtane 1, 3, 7 og 9 har vatn frå borehol i dag. Ein ser føre seg at også dei nye tomtane 2, 4, 5, 6, 8, 10 og 11 borar etter vatn.

Avlaup

Oversikt for avlaup til dei ulike tomtane:

- Tomt 1: Har eigen privat slamavskiljar og utslepp i dag.
- Tomt 2 til 8 Vert kopla til ny felles slamavskiljar for 7 stk. fritidsbustadar. Utrekna til 16,5 m³ for tømming annakvart år. I samband med byggemelding skal det søkast om eige utslepp.
- Tomt 9 til 11 Vert kopla til ny felles slamavskiljar for 3 stk. fritidsbustadar. Utrekna til 9,5 m³ for tømming annakvart år. I samband med byggemelding skal det søkast om eige utslepp.

Overvatn

Viser til VA-norma og vedlegg B7 -Retningslinjer for overvasshandtering. Overvasssystemet skal avleie nedbør (regnvatn og snø) på ein sikker, miljølpassa og kostnadseffektiv måte slik at innbyggjarane si helse, tryggleik og økonomiske interesser vert ivareteke. Planområde har frå før 4 stk. eksisterande fritidsbustadar og arealet i mellom er vist som dyrka mark. Nedbørsområde vil vere det same og ser ein på nedbørskoeffisienten for område så vil den endre seg marginalt. Viser til tabell 9.

Tabell 9: Avrenningskoeffisientar frå vedlegg B7 i VA-norm.

Tette flater (tak, asfalterte plassar/vegar o.l.)	0,85 - 0,95
Bykjerne	0,70 - 0,90
Rekkehus-/leilighetsområde	0,60 - 0,80
Einebustadområde	0,50 - 0,70
Grusvegar/-plassar	0,50 - 0,80
Industriområde	0,50 - 0,90
Plen, park, eng, skog, dyrka mark	0,30 - 0,50
Fjellområde utan lyng og skog	0,50 - 0,80
Fjellområde med lyng og skog, steinete og sandholdig grunn	0,30 - 0,50

Av tabellen kan ein sjå at dyrka mark har ca. 0,5 i avrenningskoeffisient og fritidsbustadar, som ein bør kunne plassere i den lågaste delen av «einebustadområde», har ein avrenningskoeffisient på ca. 0,5. Vidare omfattar planen eit mindre areal med veg og parkering. For handtering av overflatevatn, vil ein følgja treledd-strategien som er «Fang opp og infiltrer – Forsink og fordrøy – Sikre trygge flomvegar». VA-norma nemner tiltak vist i figur 34 under:

Kategori	Eksempel på teknisk utforming
Lokal overvasshandtering. Infiltrasjon og fordrøyning i nærleik av kjelda.	Infiltrasjon på graskledte flatar Porøse dekke Infiltrasjon i steinfylling Tilfeldig ansamling av overvatn på spesielle overflatar for oversvømming Dammar Våtmarker
Fordrøyd bortleiing	Terrengforsenkningar Kanalar Bekker/grøfter
Samla fordrøyning	Dammar Våtmarksområde Tjorn/innsjøar.

Ved planlegging av dei ulike tiltaka bør ulike delar av avrenningssystemet vurderast samla. Eit grunnleggjande prinsipp er at nedbør/avrenning så tidleg som mogleg bør tilbakeførast til det naturlege kretsløpet.


Dette kan gjerast på følgjande måte:

1. Den mest effektive måten å redusere overvassavrenninga på er å minske andel tette flater. Ein stor del av overvassavrenninga kan på den måten fjernast. Dette gjeld primært oppe i feltet.
2. Overvatn frå tette flater bør handterast så nær kjelda som mogeleg. Dette kan skje ved avleiing av overvatn til graskledte overflatar eller andre permeable overflatar der det kan infiltrere.
3. Det overvatnet som ikkje kan infiltrerast nær kjelda bør om mogeleg bortleiast i åpne renner. I desse vert avrenninga utjamna og fordrøyd, samtidig som ein oppnår ei viss reinsing av overvatnet.
4. Dersom overvatnet ikkje kan handterast innanfor området der det oppstår, bør ein etablere fordrøyingsanlegg lenger nede i systemet.

Figur 33: Tiltak frå vedlegg B7 i VA-norm.

For fritidsbustadtomtene så vil ein ha nokre porøse flater, og bygga, samt delar av tomta, vil stå på fylling. Ein vil difor infiltrere takvatn og overflatevatn på tomtene. Alle nye tomter, utanom tomt 4, har mogleik til å føre overvatnet til terreng og vidare til sjø ved berre å passere grøntområde. For tomt 4, samt veg/parkering, så legg ein opp til eit sandfang, og då ny overvassleidning ned til sjø/bekk. Store delar av denne grøfta går parallelt med spillvassgrøfta til tomt 4, og både sandfang og grøft vil bidra til å lede ut overvatn her.

Det er noko vass-sig igjennom planområde på fonnakart så synes det 2 mindre bekkar nedst.



Figur 345: Bekkar synt i kart.

Bekk 2 er egentleg berre eit vass-sig i ei bratte, mens bekk 1 er ein synleg liten bekk i terreng dei siste 50 metrane. I tørre periodar vil det ikkje renne vatn i nokon av dei. Ettersom det ikkje er eit stort nedbørsfelt, og det er kort veg til sjø (tomt 4 som ligg lengst unna med ca. 80 m), er det ikkje vist fare for flaum i aktsemdkart. Ein kjenner heller ikkje til at det er problem med overvatnet her i dag. Framtidig så vil deler av nedbøren som går i bekk 1 vil bli fanga opp av sandfangar eller bli infiltrert på tomtene, men det vil framleis verta eit vass-sig her. Ved store nedbørsmengder vil flaumvegen for tomt 2 og 5 vere direkte til sjø, for tomt 3, 4, 6-8 vil det gå via grøfta og ut ved bekk. Flaumvegen for tomt 9-11 vil gå via ny utsleppsleidning i aust.

Sløkkjevatt

Det er ikkje kommunalt vatn i område, og då heller ikkje uttak for sløkkjevatt i dag. Tysnes brann og redning har opplyst om at dei nyttar tankbil med eventuell supplering av sjøvatn i område til tenkt sløkkearbeid på Laukhammar i dag. Tilkomst til sjø og fritidsbustadar vil verta betre enn i dag etter ferdig utbygging.

6 Verknader av planframlegget

6.1 Overordna planar

Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging gjev m.a. at rammer for utbyggingsmønster og transportsystem bør fastsetjast i regionale planar. Vestland fylkeskommune har mellom anna eit overordna mål om å fortette allereie utbygde område framføre «frimerkeplanlegging» med spreidd utbygging, som er i tråd med retningslinje 2.9 i Kystsoneplanen. Samstundes har det også blitt auka fokus på felles anlegg. Med dette vil ein mellom anna kunne få meir areal -og kostnadseffektivt utbygging samstundes som ein unngår unødvendig beslaglegging av natur.

Vidare skal Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og forvaltning i regionen. Tidlegare godkjente og gjeldande kommuneplanar og reguleringsplanar innanfor planområdet gjeld uavhengig av planen. I plankartet til kystsoneplanen er det fastsett 14 arealsonar for regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne (arealsone landskapsområde). Planområdet er ikkje omfatta av nokon av desse. Den regionale kystsoneplanen legg likevel føringar for kommunal planlegging og utbygging i strandsona som bør takast til følgje;

- Fortetting i eksisterande utbygde område skal skje med omsyn til lokale tilhøve
- Strandsona er definert som 100-metersbeltet frå sjø/område fastsett som funksjonell strandsona. Nye byggeområde skal som hovudregel ikkje lokaliserast i 100-metersbeltet eller i område kartlagt som funksjonell strandsona.
- Område som tidlegare er avsett til byggeområde i kommuneplanen, regulerte eller uregulerte, manglar ofte fastsett byggegrense mot sjø. Byggeforbodet i 100-metersbeltet kan fråvikast gjennom å fastsette ny byggegrense. Funksjonell strandsona kan leggjast til grunn for ny byggegrense. Ny byggegrense bør ikkje fastsetjast som ei generell grense. Der byggegrenser ikkje går fram av plankartet eller føre-segner, gjeld 100-metersbeltet som byggegrense. Bygging i strandsona kan tillatast der det er fastsett byggegrense til sjø.
- Samanhengande grønstruktur skal sikrast som grunnlag for friluftaktivitetar. Tilkomst til og langsmed strandsona bør sikrast både frå landsida og sjøsida. Tilrettelegging for ferdsel bør prioriterast. Verdi-fulle landskapsområde og mangfaldet av landskapstypar skal ivaretakast.
- Utbygging i strandsona skal skje mest mogleg konsentrert.
- Nye tiltak i strandsona skal gjevast ei god estetisk og arkitektonisk utforming når det gjeld form, volum, stiluttrykk, materialbruk og fargar.
- Kulturminne er ein ikkje-fornybar ressurs, og må på best mogleg måte sikrast gjennom lokal og regional arealplanlegging.
- Strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv, med mål om å ivareta ålmenne interesser i generasjonar framover.

Kva gjeld reguleringsplanar i strandsona, står det i planen at det er svært viktig at arealbruken er avklart i kommuneplanen. Dette er forsterka i statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona. Planområdet som inngår i strandsona er i kommuneplanen avsett til fritidsbusetnad, slik at planforslaget avviker frå gjeldande plan ved bygging av naust. Det er ikkje lagt inn byggegrense mot sjø i kommuneplanens arealdel, og kommuneplanen gir at forbodet mot bygging i strandsona jf. plan- og bygningslova av 2008, §1-8, skal vera gjeldande til ny byggegrense vert fastsett i samband med detaljreguleringsplan.

6.2 Topografi og landskap, estetikk

Viser til kap. 4.1. Utbygging av planområdet vil medføre ei fortetting av eksisterande byggeområde. Det er lagt stor vekt på at planlagd utbygging skal vere av same slag som- og passe godt inn med eksisterande utbygging i området. Føresegnene sikrar at bygga skal gjevast ei tiltalende utforming med materiale og fargebruk som står i stil med naturen og resten av bygga i området. På denne måten vert eksisterande bygge-miljø understreka og vidareført, samstundes som ein reduserer landskapseffekten med lite kontrastar. Tomtar og byggegrenser er tilpassa naturleg terreng, og det er lagt føringar for å sikre at alle terrenginngrep vert utført mest mogleg skånsamt. Bygga skal gjevast ei god terrengtilpassing, og i tilfelle kor nye bygg og anlegg, på grunn av form, storleik, eller plassering ikkje let seg underordne landskapet, skal desse utformast slik at landskapet vert understreka. Det er elles lagt føringar for å sikre at hovudformene i landskap og terreng, samt eksisterande vegetasjon på ubygde delar av tomtene vert ivareteke. På denne måten sikrar ein at naturmiljøet vert vidareført.

Nye fritidsbustadar i planområdet kan førast opp med ei mønehøgde på maks. 6,5 m målt frå gjennomsnittleg terreng. Dette gir to etasjar, som er tilsvarande det eksisterande bygg har i dag. Det er vidare lagt føringar for utforming av mellom anna utvendig kledning, som skal vera av tre, og grunnmur, som skal vera av naturstein eller stå på låge pelar. Tak skal tekkast med skifer, uglaserte teglpanner eller bord. Tilsvarande skal garasje utformast i stil med hovudbygg. På denne måten understrekar ein det bygningsmiljøet som er i område i dag, og unngår at ny utbygging vert dominerande i landskapsbilete. Tomtane har ei maks. utnyttingsgrad på 35% BYA, kor bygg kan førast opp innanfor byggegrenser oppgitt i plankartet. Det er tillate med terrassar på bakken tilpassa terreng, men store terrassar med rekkverk som skapar ei dominerande visuell verknad er ikkje tillate. Det er heller ikkje tillate å gjerde inn tomtene, eller plante til grenser med hekkar o.l. Unnataket er dersom tilgrensande eigedomar har beitande dyr. Dette for å sikre minst mogleg privatisering, og god tilgjenge i strandsona. Utover dette skal tomtane bevarast som naturtomter, der minst mogleg eksisterande vegetasjon skal fjernast i samband med oppføring av nye bygg.

For naust i planområdet er det gitt føringar for byggehøgde og volum i tråd med kommunale føresegner. Vidare er det lagt vekt på estetikk og utbygging i tråd med lokal byggeskikk, slik at nye naust skal passe godt inn med eksisterande naust i området. Nausta vil verta liggjande i eit variert landskap, og krevja ulik grad av tilpassing. Størst landskapsinngrep vil koma i samband med utbygging av naustrekkja lengst sør-aust (f_UNB5). Her vil det verta behov for sprenging, og ein vil få ei skjering i bakkant på maks. 3,5-4,0m. Denne vil følgeleg bli skjult av nye naustbygningar, viser til illustrasjon kap. 5.4.1.3. For fellesnaust i f_UNB5 er det gitt føringar for utforming som seier at einingane skal ha varierende høgde, storleik og form, der fleire mindre nausteiningar kan plasserast i éin bygningskropp. Dette for å få eit naturleg spel i rekkja. Føresegnene gir elles at skjeringar over 1,5 meter skal avtrappast og handsamast på særskilt estetisk vis, for å verta minst mogleg synleg i landskapsbilete. På same grunnlag skal skrentar og fyllingar revegeterast og plantast til der det er mogleg. Det er generelt lagt vekt på at naust skal vere til minst mogleg hinder for ålmenn ferdsel langs sjø, og at ein skal kunne ferdast fritt mellom enkeltstående naust og naustgrupper. I tilknytning til naustområde og strandlinja er det sikra blågrøne areal som skal bevarast med naturleg terreng og vegetasjon som i dag. I tillegg er det sikra tilgjenge til naustområda og sjø gjennom planområde med regulerte turveggar som skal vera opne for ålmenta.

Overskotsmassar frå utbygging kan generelt nyttast som ein ressurs for landbruk og samfunn. Overskotsmasse i utbyggingsområde bør så langt som mogeleg nyttast på staden, til dømes til istandsetting og bearbeiding av terrenget. Utbyggingsområda bør planleggast og utviklast slik at behovet for å transportere bort masser blir minst mogeleg. Ein reknar ikkje med at tiltaka planen opnar for vil føre med seg særskilt masseunder/-overskot, og vi vurderer difor at det ikkje vert naudsynt med plan for massehandtering.

Når det gjeld nær- og fjernverknad, så vil utbygging og landskapsinngrep alltid medføre ei viss endring av landskapsbiletet. Det er som nemnt lagt stor vekt på tilpassing til eksisterande bygg og byggeskikk, samt landskap og terreng, i området. Dette vil bidra til å redusere landskapseffekten, kor nye bygg vil blende naturleg inn som ei fortetting til eksisterande situasjon. Størst nær- og fjernverknad vil truleg koma i samband med utbygging av naustområde f_UNB5, ettersom her vert tydelegast landskapsinngrep. Dette er eit område

som i frå før er bratt og utilgjengeleg for ferdsel, og vil såleis ikkje medføre store negative verknader for ålmenta si ferdsle. Naustområdet her vil få størst landskapsverknad frå sjø, og vil i mindre grad få verknad for eksisterande og nye fritidsbustadar i området. Dette heng saman med at nye naust vil verta liggjande på ca. kote +1,7, medan eksisterande fritidsbustad i bakkant av f_UNB5 ligg på ca. kote +16 (sjå illustrasjon frå Fronta, figur 35). Også andre naust i området vil verta liggjande med god høgdeforskjell frå ny utbygging, kor nye fritidsbustadar vert liggjande på min. kote +10. På denne måten vil fortettinga få liten verknad for sol- og utsiktsforhold. Silhuettverknad av ny utbygging vert også generelt rekna som liten, ettersom landskapet i bakkant ligg på eit høgare nivå.



Figur 35: Illustrasjon frå Fronta som viser fjerneffekt av naustområde f_UNB5. FRONTA AS.

6.2.1 Omsyn til naboar

Planlagd byggeområde for fritidsbustadar ligg i eit naturleg skråande terreng på rundt 12 grader mot sjø i sør-vest. Eksisterande bygg i område vil med dette verta liggjande anten høgare i terrenget enn nybygg eller lågare i terrenget. Dette gjer at utsikt- og solforhold mellom eksisterande ikkje skal verta eit vesentleg problem.

Utbygginga vil truleg kunne få størst konsekvens for eksisterande fritidsbustad på gbnr. 163/7, kor tomt 6 lengst sør-aust i FBF2 vil koma i framkant. Dersom ein ser på gjennomsnittleg terreng vil planert høgdeforskjell truleg verta om lag 4-5 m, og med ei tillate byggehøgdd på



Figur 36: Eksisterande fritidsbustad på gbnr. 163/7.

maks. 6,5 m, tilsvara dette at møne på nybygg kan koma om lag 1,5-2,5 m opp mot husveggen til gbnr. 163/7. Dersom ein ser på eksisterande fritidsbustad på gbnr. 163/7 (figur 36), så kan det sjå ut til at hovudetasjen ligg vel ein meter over terrenget, slik at ein i praksis skal kunne sjå over det meste av nybygget. Her vil det også verta rom for tilpassing med tanke på plassering på tomte og utforming av bygg. I planen er det elles lagt vekt på å sikra blågrøne areal, og god tilgjenge til naus- og sjøområda for ålmenta. Føresegnene sikrar at det skal vere mogleg for ålmenta å ferdast framfor naust og mellom naust/ naustgrupper.

Eksisterande fritidsbustadar utanfor planområdet i vest, ligg på ca. kote +31. Desse har utsikt parallelt med planområdet i retning mot sør-vest. Ein kan ikkje sjå at fritidsbustadar utanfor planområdet vil verta råka i nemneverdig grad.

6.3 Strandsone og vassdrag

Overordna mål og retningslinjer

Forvaltinga av strandsona med 100-metersbeltet er av nasjonal interesse, og skal medverke til ei berekraftig utvikling i tråd med FN sine berekraftsmål. Statlege planretningslinjer er lagt til grunn for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen som ei ramme og ein føresetnad for utarbeidinga av planforslaget. Her under er det lagt særskilt vekt på omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser i strandsona.

Basert på geografisk differensiering av byggepress, kor landet er delt inn i tre soner med ulike føringar tilpassa byggepress og behov for vern av de interesser som skal ivaretakast i strandsona, fell Tysnes kommune innanfor sone 3 som har mindre press på areala. I område med mindre press vil det vere enklare for kommunar å gje løyve til utbygging enn i område med stort press, kor planar i større grad kan innebere utbygging i 100-metersbeltet. Dette er også i tråd med kommuneplanen for Tysnes kommune.

Jf. Samfunnsdel til kommuneplanen (2018-2030), så er Tysnes vidare ein attraktiv kommune for rekreasjon og fritid. Kort avstand til byar i nord og sør gjer at fritidsbustadane i kommunen nyttast meir eller mindre heile året. Det er eit mål at fritidsbustadar i kommunen skal byggja på gode kvalitetar, som nærleik til sjø, der dette ikkje kjem i konflikt med heilårsbustadar. Kommunen stettar vidare opp under fokus på felles løysingar for veg, parkering, kai-/bryggjeanlegg og friområde. Dette er både arealeffektivt og kostnadssparande. Skorpo er eit av område på Tysnes kor det ikkje er fastbuande, og hovudvekt av fritidsbustadar. Område ein ynskjer å byggja ut er vidare eitt av få område som er utbygd frå før på øya, og kor ein ser det som naturleg med ei fortetting.

Planframlegget

Viser til Kap. 4.5. Stort sett heile planområdet ligg innanfor strandsona. Eksisterande bygg og anlegg gjer at planområdet frå før ikkje er rekna som tilgjengeleg av SSB. Samstundes kan store delar klassifiserast som funksjonell strandsone, der det ikkje er direkte påverking. Med ei fortetting av området vil ein kunne vente ei auka eksponering kor landskapsrommet vert oppfatta som mindre. Samstundes med dette vil planen tilføre gode kvalitetar i form av auka tilgjenge til sjø for ålmenta, og bidra til auka moglegheiter for friluftsliv for dei som etablerer fritidsbustadar, naust og småbåtanlegg i området.

Når det gjeld fritidsbustadar, så er Tysnes ein populær kommune for hytteutbygging (viser til Kap. 3.1.2). Tysnes kommune er ein kystkommune som jf. Kommuneplanens samfunnsdel (2019 – 2049) ynskjer å satse meir på fortetting i allereie utbygde område, spesielt i strandsona. Det er i kommuneplanen lagt vekt på at fritidsbustadar ikkje skal prioriterast over heilårsbustadar i kommunen, men ettersom øya Skorpo ikkje har noko fast busetjing frå før, vil prioritering av fritidsbustadar her vere naturleg. Tilgjenge til natur og sjø er noko av det som gjer området attraktivt, og det er såleis viktig å leggja til rette for at desse kvalitetane vert ivareteke. Område har frå før fritidsbustadar som ligg tett på strandlinja, og planen legg opp til at nye fritidsbustadar skal få ei naturleg plassering og utforming som står i stil med eksisterande bygg. Fritidsbustadane vil verta liggjande på ei naturleg linje i høve til eksisterande situasjon. Nye einingar vil få felles parkering i nord, turveg vidare for å spare terrenginngrep. Det er vidare lagt føringar som mellom anna sikrar at bygningane vert gjeve ei bevisst plassering i forhold til naturleg terreng (viser til Kap. 6.2).

Planen legg opp til fortetting av 2 stk. nausteiningar langs sjø i sør-vest og 7 stk. nausteiningar i sør-aust. Einingane i sør-vest vil krevja forholdsvis lite terrenginngrep, medan einingane i sør-aust vil bli liggjande i eit brattare og meir urørt landskap. Her kan ein følgjande vente større terrenginngrep og nær-/fjerneffekt. Nausta

vil verta liggjande som ei forlenging av eksisterande naustområde, og nær-/fjerneffekt vert hovudsakleg frå sjø. Dette området er samstundes utilgjengeleg i dag, og vil så i måte opne for utvida bruk av området.

Når det gjeld båtanlegg i sjø, er tal båtplassar avgrensa til to stk. per nausteining, og småbåtanlegga skal vere til felles bruk for nausteiningane knytt til småbåtanlegget. Dette vil sikre at tal båtar i området vert i tråd med naustutbygginga. Det er sikra at anlegga ikkje skal kunne koma i vesentleg strid med fri ferdsel i sjø, badeområde eller andre viktige interesser i sjø.

Planen legg stor vekt på ålmenn tilgjenge. Regulerte turveggar vil gje auka tilgjenge til sjø og naustområde for alle, og bidra positivt til utøving av maritim rekreasjon. Langs strandlinja er det avsett fleire blågrøne areal og badeområde som skal liggja som i dag, og det er lagt føringar som sikrar at ein fritt skal kunne ferdast kring nausta i området. Det er vidare lagt stor vekt på at nye bygg og anlegg skal passe godt inn med eksisterande situasjon; Turvegane skal såast med grøn vegetasjon for eit mest mogleg naturleg preg, slik at dei vert lite framtreddane. Det er lagt føringar som sikrar forbod mot inngjerding for minst mogleg privatisering, både kring fritidsbustadar og naust. Og det er lagt fleire føringar for landskapstilpassing og estetikk for at nye bygg ikkje skal verta dominerande i landskapsbilete.

Ein kan ikkje sjå at planen kjem i vesentleg konflikt med spesielle registrerte verdiar i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, her under landskap (kap. 4.1 og 6.2), biologisk mangfald/naturmangfald (kap. 4.7 og 6.5) friluftsliv (kap. 4.8 og 6.7) eller kulturmiljø. I samband med planarbeidet er det gjort arkeologisk undersøking og registrert eit automatisk freda kulturminne innanfor planavgrensinga (Kap. 4.6 og 6.4). Kulturminnet er i den arkeologiske rapporten omtala som skadd som følgjer av seinare tids forvaltning av jorda, og funnet er følgjande vurdert til å ha liten verdi. I plankartet er føresegningsområde #10_1 lagt inn som bandlagd areal etter kulturminnelova fram til Vestland fylkeskommune har gjeve dispensasjon i frå den automatiske fredinga jf. Lov om kulturminner §8, Tillatelse til inngrep i automatisk fredete kulturminner.

6.4 Kulturminne og kulturmiljø

Viser til omtale under kap. 4.6. Kulturminne som utanfor planområde er undersøkt av arkeologar og vurdert til å ikkje ha verknad for planarbeidet. Det arkeologiske minne (Askeladden-id 298397) som vart påvist innanfor planområdet i samband med Arkeologisk undersøking, er automatisk freda i medhald av § 8, 4. ledd i kulturminnelova. Det påviste funnmaterialet opptre i matjord og oppblanda massar som er beskrive som forstyrra massar. Som følgjer er kulturminne omtala som skadd og av liten verdi. Rapporten seier at i tilfelle kor fylkeskommunen seier seg samd i arealbruk i reguleringsplan, kan det gjennom planbehandling søkast dispensasjon frå kulturminnelova for løyve til inngrep. I mange tilfelle når dispensasjon innvilgast blir det sett vilkår om nærare gransking av det råka kulturminnet. Gitt kulturminnet sin skadde tilstand, har arkeologane rådført seg med Universitetsmuseet for å få belyst kulturminnet sitt ev. kunnskapspotensiale for nærare gransking. Universitetsmuseet kom 04.05.2023 med følgjande tilbakemelding per e-post:

«Vi viser til e-post angående nyregistrert steinalderlokalitet sør på Skorpo på Tysnes, Askeladden id 298397, og spørsmål om det foreligger tilstrekkelig informasjon for museet å vurdere omfang av ytterligere undersøkelser ved eventuelle dispensasjon. Museet mener at med utgangspunkt i det nåværende registreringsresultat er det ikke grunnlag til å tilrå ytterligere undersøkelser ved en eventuell dispensasjon fra Lov om kulturminner. Her legger vi vekt på at de innsamlede funn er fra matjord, dvs at det ikke er påvist funn i primær kontekst.

Vi gjør oppmerksom på at om eventuelle ytterligere registreringer skulle påvise funn i situ vil det være nødvendig med en ny vurdering fra museet».

Ut i frå funn i område er det gjort ei førebels vurdering av arkeologane om at ein ikkje ser behov for ytterlegare undersøking av kulturminne i område. Dispensasjon frå kulturminnelova § 8, 4 ledd vert utover dette først handsama formelt når planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, kor ein spesifiserer arealføremål i konflikt med automatisk freda kulturminne. Kulturminne er merka i plankart med føresegningsområde. Vestland fylkes-

kommune skal i samband med planhandsaminga ta stilling til dispensasjon og ev. vilkår på grunnlaga av tilråding frå Universitetsmuseet i Bergen.

Planområde kan også omfatte uregistrerte fornminne. I planføresegnene er det difor sikra at dersom det i samband med gravearbeid kjem fram automatisk freda kulturminne, som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar, må dette straks meldast til Fylkeskonservatoren i Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingsstyresmakt har vurdert funnet, jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd.

Tiltakshavar pliktar også å gje melding til Bergens sjøfartsmuseum/Museum Vest dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil vera i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne. Vi vurderer på bakgrunn av kjend situasjon at utbygginga ikkje vil få negative konsekvensar for kulturmiljø og kulturminne.

6.5 Naturmangfald

Naturmangfaldlova trådde i kraft i 2009. Lova set krav til at prinsippa i nml. §§ 8-12 skal leggjast til grunn ved planlegging av tiltak (miljørettslege prinsipp). Offentlege avgjersler som påverkar naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg bygge på vitskapeleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverknad. Kravet til kunnskapsgrunnlag skal stå i eit rimeleg forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Klima- og miljødepartementet sin rettleiar til naturmangfaldlova kapittel II gir at dersom ein, etter å ha vurdert kunnskapsgrunnlaget, finn at avgjerla ikkje rører ved naturmangfald i nemneverdig grad, vil ein som hovudregel kunne avslutte vurderinga av dei miljørettslege prinsippa. Ei slik avgrensing mot vidare vurderingar vil normalt berre vera aktuelt ved mindre tiltak. Dersom avgjerla rører ved naturmangfald, går ein vidare og vurderer dei andre miljørettslege prinsippa.

Viser til kap. 4.7 kor det er innhenta eksisterande kunnskap om naturverdiar som potensielt kan verta påverka av reguleringsplanen. Område er utbygd med fleire fritidsbustadar, naust og småbåtanlegg frå før. Det meste av grøntareal er anten dyrka jord av mindre verdi eller skrinne mark med mykje berg i dagen. Planområde er altså tydeleg menneskepåverka, og det er ikkje gjort funn av særskilt verdifulle naturlokalitetar, artsmangfald eller viktige naturressursar som vil få særskilt verknad for planen. Ut frå eksisterande kunnskap om området ser ein her under eksisterande artsmangfald i planområde som vanleg førekomande innan regionen, og potensialet for funn av særskilt omsynskrevjande artar eller artar av nasjonal forvaltningsinteresse som lågt.

På bakgrunn av risiko for skade på naturverdiar, vil det i samband med planarbeidet følgjande ikkje verta naudsynt å innhente ny kunnskap, jf. nml. § 8. Samla sett vurderer vi at planframlegget ikkje vil påverke naturmangfald i nemneverdig grad, jf. nml. § 8. Ettersom tiltaka er vurdert å ikkje påverke naturmangfald i nemneverdig grad, jf. nml. § 8, ser ein det heller ikkje naudsynt å gjere særskilte vurderingar av nml. §§ 9-12, jf. Klima- og miljødepartementet sin rettleiar til naturmangfaldlova kapittel II. Grunna storleik på planområdet, er det likevel gjort vurderingar av dei andre miljørettslege prinsippa. Når det vert treft ei avgjerd utan at det ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva verknader den kan ha for naturmiljøet, skal det takast sikte på å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet. Ligg det føre ein risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap nyttast som grunn til å utsetje eller unnlate å treffe forvaltningstiltak. Føre-var-prinsippet skal berre nyttast når det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap, og det er fare for store negative og irreversible verknadar. Det er vurdert at kjent kunnskap og verknadane av planen ikkje er vesentleg negative for naturmangfald. Sett ut i frå verknadane på naturmangfaldet og tilstrekkeleg kunnskap, tilseier dette at føre-var-prinsippet ikkje skal nyttast, jf. nml. § 9.

Påverknad på eit økosystem skal vurderast ut i frå den samla belastninga som økosystemet er, eller vil bli, utsett for. Planframlegget legg opp til fortetting av eit område i stor grad er anten opparbeidd eller påverka av

menneskeleg aktivitet frå før. For naturmangfald vil direkte verknad av utbygginga i hovudsak omfatte den konkrete arealbeslaga ein opnar for, samt auka menneskeleg aktivitet og uro og støy i anleggsfasen. Anleggsarbeid vil ha ein avgrensa tidsperiode. Sjølv om utbygginga potensielt vil kunne gje verknadar for økosystema i nærområdet, vurderer ein at den samla økologiske belastninga av planframlegget ikkje vert vesentleg endra i høve til 0-alternativet, jf. nml. § 10. Dette med utgangspunkt i at planen opnar for utbyggingsføre-mål på areal som i overordna planar er avsett til fritidsbustader, samt at den generelle belastninga på miljøet i området ikkje er uakseptabel høg. Samla vurderer ein at planforslaget vil medføre ein akseptabel miljøpåverknad.

Tiltakshavar skal dekke kostnader ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket valdar, dersom det ikkje er urimeleg ut i frå tiltaket og skaden sin karakter. For å unngå eller avgrense skade på naturmangfaldet skal det takast utgangspunkt i slike driftsmetodar og slik teknikk og lokalisering som, ut frå ein samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske tilhøve, gir dei beste samfunnsmessige resultat. Planen sin verknad er avgrensa og omfattar areal som er avsett til utbyggingsføre-mål. Utbygginga vil skje på eit avgrensa areal kor det ikkje er registrert verdifullt naturmangfald. Ut frå kjent kunnskap om området og naturmangfald i området, vurderer ein at det ikkje er behov for å gjennomføre andre tiltak, til dømes avbøtande, førebyggjande eller kontrollerande tiltak, for å redusere fare for skade på naturmangfald i området, jf. nml. §§ 11 og 12.

6.6 Naturressursar

Viser til omtale i kap. 4.7.3. Det er ingen registrerte ressursar som trengs å takast omsyn til i planen, og vi vurderer at planen har avgrensa verknadar for temaet.

6.7 Friluftsliv og folkehelse, born og unge sine interesser

Eit område sitt utbyggingsmiljø vert påverka både av omkringliggjande tilhøve og konkrete løysingar innanfor det planlagde området. Gode utbyggingsmiljø legg til rette for god folkehelse. Folkehelse dreier seg om summen av dei faktorar som påverkar vår helsetilstand, og omfattar tema knytt til folkehelsearbeid, lokal-samfunn/nærmiljø, oppvekst/læring og aktivitet/sosial deltaking. Med fokus på folkehelse er det viktig å leggja tilhøva til rette for fysisk aktivitet og god livskvalitet der folk skal opphalda seg over lengre tid.

Jf. Kap. 4.8. kan ein ikkje sjå at planen vil koma i konflikt med registrerte friluftsområde. Område har samstundes god tilgang til sjø og flotte grøntareal på land, som friluftsområda Skorpo og Kråko.

Planen opnar for fortetting av eit område som er utbygd med bygg og anlegg av same slag frå før. Utgreiingar av dagens situasjon under Kap. 4.1, 4.5 og 4.7 gir eit bilete på korleis område er samansett av utbygging, natur og landskap i dag. Her under går det fram at det meste av område er av dyrka mark eller skrin jord med mykje berg i dagen. Sjølv om mykje areal ikkje er nedbygd, kan heile område reknast som bygningspåverka. Område i sør-aust er minst utnytta i dag, ettersom terrenget her er bratt og utilgjengeleg.

Det er i planen lagt stor vekt på landskapstilpassing og estetikk. Føresegnene sikrar at bygg og anlegg skal ha god landskapstilpassing og følgja stadeigen byggeskikk, med utvendige natur-fargar som harmonerer med eksisterande situasjon. På denne måten unngår ein at utbygginga vil skilja seg ut frå eksisterande utbygging og verta ruvande og forstyrrende i landskapet. Vidare er det lagt fokus på ålmenn tilgjenge med nye turveggar, blågrøne areal, og ålmenn ferdsel langs nye bygg og anlegg til og langsmed strandlinja. Føresegnene gir at turveggar skal tilpassast terreng og ein skal unngå store, irreversible inngrep i strandsona. Turvegane er ikkje universelt utforma grunna kupert terreng, men skal tilpassast terreng og landskap.

Eksisterande strand skal vidareførast som badeområde for alle. Innanfor føremålet kan det leggest til rette for badeaktivitetar, og tiltak som kan hindre eller øydeleggje for badeaktivitet er ikkje tillate. Området skal vera ope for ålmenn bruk.

Målet er at områda både på sjø og land etter ferdig utbygging skal verta meir tilgjengeleg for alle, og at planen i eit folkehelseperspektiv skal bidra positivt til auka fysisk aktivitet, maritim rekreasjon og god folkehelse. Det vert i samband med dette også sett som positivt at born og unge vil få høve til å bygge gode relasjonar til kyst og hav, gjennom kontakt med naturen og tilrettelegging av maritim rekreasjon.

6.8 Fiskeriinteresser, marine interesser og ferdsle på sjø

Viser til Kap. 4.7.4. Det er i område ingen registreringar knytt opp mot fiskeriinteresser, marine interesser eller ferdsle på sjø, men unntak av eit registrert gytefelt for torsk ca. 70 m frå planområdet. Planen opnar for tilrettelegging av småbåtanlegg, kor det er tillate med maks. 2 stk. båtplassar per nausteining, som gjev maks. 20 stk. båtar inkl. eksisterande og ny utbygging. Fleire av dei eksisterande nausta har allereie hatt båtar i område over lengre tid, og nyare utbygging på tilgrensande areal har småbåtanlegg med båtar av same slag.

Føresegnene gir at småbåtanlegga skal vera til felles bruk for nausteiningane knytt til småbåtanlegga for å frigjere mest mogleg areal i sjø. Her under vil SMB1 vere til felles bruk for FBF3 og UNB1, SMB2 til bruk for UNB3, og SMB3 til felles bruk for UNB4 og f_UNB5. Samla sett vurderer ein ut i frå eit større perspektiv at planen vil ha liten verknad for det marine miljøet.

6.9 Trafikkforhold

Viser til omtale i kap. 4.9 og 5.5. Vi vurderer at ny tilkomstveg (KV1 i plankartet) skal utformast som ein *Øvrig bustadveg* etter Statens vegvesen si handbok N100. Dette er vegar som i de ytre by- og tettstadsområda mellom anna kan utformast som overordna samleveggar til bustadar/fritidsbustadar. I tilfelle kor slike vegar vert utforma som blindveggar bør dei ikkje vera lengre enn 250 m. Vegen i planområdet er <100 m, og tilfredsstillende såleis dette kravet.

I tråd med vegnormalen er vegen vidare planlagd med ei vegbreidd på ca. 3,5m pluss skulder på begge sider, og stigning under 8%. Utforming av vegen og trafikale tilhøve tilseier at fartsgrensa bør regulerast til 30 km/t. Etter ferdig utbygging vil vegen truleg få ein ÅDT på under 30, som er ei låg trafikkmengd.

HB N100 gir at tilrettelegging for gåande og syklende skal inngå som ein del av overordna plan, slik at løysingane er tilpassa trafikkforholda, og gang- og sykkeltrafikken sitt behov for framkome og tryggleik. Vegar med liten trafikkmengd og låg fart kan ha blanda trafikk utan fortau, og ettersom dette er tilfelle her, vurderer vi at det ikkje er behov for separate løysingar for ulike trafikantgrupper. Det er heller ikkje fortau langs den kommunale Skorpovegen i dag. Det er ikkje registrert trafikkulykker i området frå før jf. Statens vegvesen sine databasar. Ved opparbeiding av ny tilkomstveg ut mot Skorpovegen opparbeidast siktsoner på 4m x 20m, i tråd med vegnormalen. Ettersom planen vil medføre liten auke i trafikkmengd og er i tråd med Statens vegvesen si handbok N100, vurderer vi planlagde trafikkforhold som tilfredsstillande.

6.10 Teknisk infrastruktur

6.10.1 Parkering

Viser til Kap. 4.9.1 og 5.5.1.4. Føresegnene gir at kvar fritidsbustad skal disponera minst 2 stk. biloppstillingsplassar kvar. Desse skal primært løysast internt på tomta, samt på PP1. Nye naust skal disponera minst to biloppstillingsplassar kvar. Desse skal løysast på felles parkeringsplass PP1. Det er ikkje sett krav om eigen parkering til småbåtanlegga (SMB1-3) då desse er knytt til fritids-bustader og naust i planområdet. Planområdet skal etter ferdig utbygging ha tilfredsstillande parkerings-dekning.

6.10.2 Vatn, avlaup og overvatn

Viser til kap. 4.10 og 5.10. Det er i planføresegnene lagt føringar om at det skal liggja føre godkjent teknisk plan for veg, vatn, avløp og overvatn før det kan gjevast løyve til større tiltak innanfor området, som t.d. nye fritidsbustader eller naust. I tillegg skal det liggja føre utsleppsløyve for avløp. Før bruksløyve for VA-anlegg kan gjevast, skal det visast til dokumentasjon for ferdig bygd anlegg. VA-grøfter kan tillatast i blågrønstruktur (BG1-8) og grøntareal (o_AVG1-3, AVG4-11).

6.10.3 Renovasjon

Eksisterande bygg og anlegg har i dag tilgang til felles bosscontainer frå SIM ved krysset inn til Skorpo. Føresegnene sikrar at renova-sjonsløysningane skal tilpassast tiltak i områda, med tilstrekkeleg rom for handtering av avfall. Løysing for renovasjon skal synast i samband med byggeløyve.

6.10.4 Trafo/straumkapasitet i området

Viser til kap. 4.10. Det er straum i området i dag, og med den avgrensa utbygginga planen opnar for så vil det ikkje vere noko problem å leggja straum til nye bygg i området. Etter det vi kjenner til er det ikkje infrastruktur for andre energikjelder i området, som t.d. biogass m.v. Føresegnene sikrar høve til å etablere tekniske anlegg som nettstasjon, transformator kioskar, kabelskap m.v., samt leidningar i grunnen for straum, telenett og liknande.

6.11 Eigedomsinngrep


Viser til Kap. 6.2. Planen vil ikkje føre med seg eigedomsinngrep ut over dei eigedomane som tiltakshavar disponerer.

6.12 Klimaendringar og naturhendringar

Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing set krav til planprosess og beslutningsgrunnlag i alle planar etter pbl. I planane skal ein vurdere konsekvensar av klimaendringar, der ROS-analyse er viktig for å vurdere om klimaendringar gir eit endra risiko- og sårbarheitsbilete knytt til utbygging i tråd med planen. Dette for å kunne førebyggja tap av liv, helse, kritisk infrastruktur og andre materielle verdiar. Viser til ROS-analyse i kap. 7.1 (framtidig situasjon).

Som beskrive under Kap. 4.3 så er det i gjeldande kommuneplan for Tysnes kommune (2011-2022) synt faresone for ras- og skredfare (H310_1-90) som ligg delvis innanfor planområde i nord-vest. Gjeldande føresegner til kommuneplanen beskriv faresona som aktsemdområde for stein -og snøskred (kjelde- og utlaupsområde). Ved utbygging innanfor desse områda må tryggleiksnivået følgjande vurderast og ev. avbøtande tiltak gjennomførast i tråd med teknisk forskrift TEK10. Heimel: PBL §11-8 pkt. a».


I samband med planarbeidet er det nytta geoteknisk kompetanse frå Ingeniør Øyvind Jørgensen for å vurdere potensiell ras- og skredfare opp mot detaljreguleringsplanen (Viser til vedlagt utredning av områdeskredfare). Ettersom planområde ligg ytst i randsona til det registrerte ras- og skredfareområde, er det i dette tilfelle snakk om potensielt utlaupsområde, og ikkje losne-/kjeldeområde. Av rapporten frå Jørgensen går fram at det markerte aktsemdområde for snøskred ikkje tek omsyn til skog. Dersom ein i NVE temakart tek med effekten av skog i vurderinga, kan ein sjå at faresona forsvinn (figur 37).



Figur 37: Samanlikning av aktsemdområde for snøskred med (t.v.) og utan (t.h.) skogsfaktor.
Kjelde: Skredrapport av Ingeniør Øyvind Jørgensen AS

Fjella bak det aktuelle område ligg på ca. 160 m.o.h. I område under 400 m.o.h. er det lite sannsynleg at store snømengder vil bygge seg opp. Ut i frå at område ligg utanfor aktsemdområde med omsyn til skogeffekt, og at potensielt utspring for skred ligg så lågt at det er snakk om lite snømengder, har Jørgensen konkludert med at området er trygt med tanke på snøskred. Fare for snøskred heng i tillegg saman med klimatiske forhold, og kort oppsummert så er Skorpo prega av kystklima, kor det er lite sannsyn for at større mengder snø vert liggjande over lengre periodar og utgjere ein reel risiko (Kap 4.2).

Når det gjeld fare for steinsprang i område, viser Jørgensen til at potensielt losne-/kjeldeområde og utlaupsområde ligg utanfor planområde (figur 38). Ein kan såleis utelukke fare for steinskrud i område.



Figur 38: Potensielt losne-/kjeldeområde og utlaupsområde som ligg utanfor planområde.
Kjelde: Skredrapport av Ingeniør Øyvind Jørgensen AS

I NVE Atlas er det vidare ingen registreringar knytt til vassdrag eller flaumfare i område. Planen sikrar at nye bygningar og konstruksjonar vert plasserte i tråd med anbefalte byggjehøgder for aktuelle tryggleiksklassar etter TEK17, jf. Kap. 4.2. Det er i føresegnene gitt at naust skal plasserast med overkant golv i 1 etg. på minimum kote +1,7 for å hindre skader på byggverk ved stormflo o.l. Minimum planeringshøgde er difor sett til kote +1,5. Fritidsbustadar vil bli liggjande høgare i terrenget og utanfor faresona.

Det er ingen markert fare for jordskred eller kvikkleire i området. Ettersom planområde ligg under marin grense og lausmassekart viser at område har dekke av tynn morene, er det likevel føreteke ei nærare vurdering av fare for kvikkleireskred i området. Vurderinga tek utgangspunkt i NVE sin Rapport 8/2014 Sikkerhet mot skred i bratt terreng og Veileder 1/2019, Sikkerhet mot kvikkleireskred. I NVE sin rettleiar har ein følgd prosedyren for utgreiing av områdeskredfare, kor første punkt er å undersøke området.

Undersøk om det finnes registrerte faresoner (kvikkleiresoner) i området
Oversikt over registrerte kvikkleiresoner finnes på NVEs temakart Kvikkleire (16)

NB - skredfare er ikke avklart selv om byggeområdet ligger utenfor registrerte kvikkleiresoner eller det ikke er registrerte kvikkleiresoner i området.

Dersom planlagte tiltak ligger innenfor en registrert faresone (kvikkleiresone) fortsettes prosedyren fra steg 4. Ellers fortsetter prosedyren i neste punkt.

Ettersom det aktuelle området ikkje var kartlagd med tanke på kvikkleirerisiko, gjekk ein vidare til punkt 2.

Areal under marin grense kan brukes som et generelt aktsomhetsområde for områdeskred. Marin grense vises i NVEs temakart Kvikkleire (16).

I områder hvor det er gjort detaljert løsmassekartlegging, kan NGUs kart «Mulighet for marin leire» (MML) brukes som grunnlag for et mer nøyaktig aktsomhetsområde for hvor det kan finnes kvikkleire/sprøbruddmateriale. Områdeskred kan oppstå i områder med sammenhengende marin leire. Disse områdene vises som aktsomhetsområder i NVEs temakart Kvikkleire¹.

Ved påvist berg i dagen eller grunt til berg (< 2 m), er det ikke fare for at det vil utløses områdeskred.

Det må også vurderes om det er mulig marin leire høyere opp i terrenget – slik at planområdet kan bli truffet av et skred som løsner derfra. (Terreng som kan inngå i utløpsområdet for et skred kan avgrenses til 3 x løsneområdets lengde målt fra nedre kant av løsneområdet).

Dersom planlagte tiltak ligger over marin grense, er de ikke utsatt for områdeskredfare. Dersom planlagte tiltak ligger innenfor områder med mulig marin leire eller ligger nedenfor områder med mulig marin leire, må det gjennomføres videre utredning iht. prosedyren.

Av dette punktet går det fram at område med berg i dagen (grunnare enn 2 m, kan ein utelukka fare for at det vert utløyst områdeskred. Lausmassane i område er i NGU sin database definert som morene materiale med usamanhengjande eller tynt dekke over berggrunnen; Materiale plukka opp, transportert og avsett av isbrear. Det er vanlegvis hardt sampankka, dårleg sortert og kan innehalda alt frå leire til stein og blokk. Områder med grunnlendte morene avsetningar/hyppige fjellblottingar. Tjuknaden på avsetningane er normalt mindre enn 0,5 m, men den kan heilt lokalt vera noko meir enkelte stadar. I Skredrapporten frå Ingeniør Øyvind Jørgensen er det føreteke ei kartlegging av fjell i dagen innanfor planområde. Kartlegginga viser at store delar av område kan utelukkast for kvikkleireskred (figur 39).



Figur 39: Kartlegging av fjell i dagen, henta frå Skredrapport av Ingeniør Øyvind Jørgensen AS (Vedlegg).

Gjenstående områder der det ikkje er fjell i dagen, men som har lausmassar djupare enn 2 m, er i hovudsak dyrka mark med morenemassar under øvste jordlag. Det er ikkje registrert leireskifer eller andre liknande sedimentære bergartar i område, noko som bidreg til å redusere sannsyn for leire i området. Basert på observasjonar i området, er det også grunt fjell under dyrka mark (<2 m). I desse områda er det som nemnd ikkje fare for utløyning av skred. Det er heller ikkje fare for skred høgare oppe i terrenget med fare for utløyning av slikt skred, ettersom området grensar til fjell i dagen. Ut i frå dette er det samla sett konkludert med lite sannsyn for kvikkleireskred i området, og ein kan følgjande utelukka vidare utgreiing jf. NVE sin rettleiar for kvikkleireskred.

Når det gjeld havnivåendring og stormflo så gir Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) råd om korleis dette skal handterast i planleggingsarbeid. Utsnitt frå tabell 2 i Kap. 4.2 gjev tal for sikkerheitsklassar med klimapåslag, som DSB anbefalar at vert runda av til næraste 10 cm før bruk i planlegging.

193 cm: Sikkerhetsklasse 3 (TEK10/17) med klimapåslag
 185 cm: Sikkerhetsklasse 2 (TEK10/17) med klimapåslag
 173 cm: Sikkerhetsklasse 1 (TEK10/17) med klimapåslag

For flaum og stormflaum er det fastsett ein akseptabel risiko i byggteknisk forskrift (TEK17) som definerer ulike tryggleiksnivå, konsekvensar og største nominelle årlege sannsyn. Byggverk skal plasserast, dimensjonerast eller sikrast mot flaum slik at største nominelle årlege sannsyn ikkje vert overskriden, Jf. tabell 10.

Tabell 10: Sikkerhetsklassar for byggverk i flaumutsatte område, TEK17.

Sikkerhetsklasse for flom	Konsekvens	Største nominelle årlege sannsynlighet
F1	liten	1/20
F2	middels	1/200
F3	stor	1/1000

Vi vurderer at naust fell under tryggleiksklasse 1, og skal plasserast med ferdig innvendig golv på minimum kote +1,7 for å unngå at største årlege sannsyn for flaum ikkje vert overskride; 1/20. Med omsyn til dette er det i føresegnene gjeve føringar som seier at; *Naust skal plasserast med overkant golv i 1 etg. på minimum kote +1,7 for å hindre skader på byggverk ved stormflo o.l. Minimum planeringshøgde er difor sett til kote +1,5.*

Nye fritidsbustadar fell inn under tryggleiksklasse 2, og skal etter tabell 2 plasserast med ferdig innvendig golv på minimum kote +1,9 for å unngå at største årlege sannsyn for flaum ikkje vert overskride; 1/200. Dette vert i dette tilfelle aktuelt ved bygging av fritidsbustadar. Regulerte tomtar for nye fritidsbustadar vil i dette tilfelle verta liggjande frå ca. kote +5,0 og høgare, og ein kan følgjande ikkje sjå at dette vil få konsekvensar for planlagd utbygging. Planen omfattar ingen bygg som går inn under sikkerheitsklasse 3.

6.13 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Planen vil ikkje føre med seg nye kommunale tekniske anlegg. Det er ikkje forventa at planframlegget medfører andre økonomiske konsekvensar for Tysnes kommune.

6.14 Konsekvensar for næringsinteresser og privatrettslege forhold

Ein kjenner ikkje til privatrettslege avtalar som vil ha betydning for gjennomføring av reguleringsplanen.

6.15 Interessemotsetningar og avveging av verknader

Planen vil stort sett vere i tråd med overordna planar, unnateke naust som vil verta liggjande innanfor område vist som fritidsbustadar i gjeldande plan. Område manglar elles byggegrens mot sjø, viser til Kap. 6.1. Utover dette meiner ein at planen støttar opp under kommuneplanens samfunnsdel (2019-2049), kor kommunen har vedteke ein planstrategi, der dei ynskjer å satse meir på fortetting i allereie utbygde område, spesielt i strandsona.

Utbygging i strandsona er generelt av nasjonal interesse. Strandsoneverdiar er utgreidd under Kap. 4.0 og 6.0, og ein kan ikkje sjå at planen i dette tilfelle rører ved særskilte viktige verdiar i området knytt til naturmangfald, friluftsliv, landskap eller allmenne interesser. I samband med planarbeidet er det oppdaga funn av kulturminne, men på grunnlag av skadd funn, er det opning for å søke dette frigjort. Kulturminne er i planen vist med eige føresegnområde (#10_1) som automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagd etter kulturminnelova fram til Vestland fylkeskommune har gjeve dispensasjon i frå den automatiske fredinga.

Planlagde tiltak vil privatisere strandsona i større grad enn dagens bygde situasjon, men ein vurderer samstundes at strandsona etter ferdig utbygging vil verta meir tilgjengeleg og innby til større grad av opphald enn i dag. Den planlagde utbygginga omfattar fortetting i eit område som allereie ber preg av tiltak og menneskeleg aktivitet, og det er såleis ikkje tema å beslaglegge urørt areal. Utbygginga vil vere av same art som eksisterande utbygging, og nye bygg vil halda seg innanfor den storleiken som kommuneplanen opnar for i dag. Det er i føresegnene sett fleire krav til estetisk utforming for å harmonere med eksisterande bygg, og det er vidare sett krav til god landskapstilpassing for at nye bygg skal passe best mogleg inn i området. Nye fritidsbustadar vil verta liggjande på linje med eksisterande fritidsbustadar som er i område frå før. Utbygging vil medføre noko nær- og fjernverknad, men er vurdert til ikkje koma i vesentleg konflikt med andre einingar eller interesser i område. Silhuettverknaden frå sjø vil verta låg som følgjer av stigande terreng i bakkant. Samstundes vil utbygginga medføre endring av landskapsrom, og nye bygg, og byggjeareal er avgrensa med byggegrensar og grøntområde for å sikre luftrom og passasje. Det er lagt vekt på å sikre god ålmenn tilgjenge, og etter ferdig plan vil område verta meir tilgjengeleg enn før, med nye tilkomstveggar. Planen vil her under også bidra positivt med tanke på friluftsliv og folkehelse. Dei planlagde tiltaka oppmodar til utøving av sjørelaterte aktivitetar og opnar for at fleire kan få god tilknytning til lokalområde og kommunen.

Viser vidare til ROS-analyse for dagens situasjon under kap. 4.12, sett opp mot ROS-analyse for framtidig situasjon etter ferdig utbygging, under kap. 6.12.

6.16 Risiko og sårbarheit (framtidig situasjon)

I ROS-analysen under har ein vurdert dei temaa frå risikomatrissa Kap. 4.12 som er relevant for planarbeidet. Vurderingane bygger på lokalkunnskap, fagleg kompetanse informasjon frå tilgjengelege databasar. I tillegg har ein lagt til grunn arkeologisk- og geologisk undersøking som er utført av fagkyndige i samband med planarbeidet (vedlagt).

6.16.1 Risikomatrise (vurdering av alle relevante forhold)

Tabell 11: Ros-analyse (framtidig situasjon).

Hending/situasjon	Aktuelt	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/tiltak
Natur- og miljøforhold					
<i>Er området utsett for, eller kan planen medføre risiko for:</i>					
1. Sterk vind	X	S2	K2	(MV) 3.1	Området er ikkje særskilt vindutsett, men stormar kan føre til materielle skadar.
2. Store nedbørsmengder	X	S2	K1	(MV) 2.1	Området er ikkje særskilt nedbørsutsett, men stormar kan føre til flaum og materielle skadar.
3. Spring-/stormflo	X	S2	K1	(MV) 2.1	Viser til Kap. 6.12. Planen sikrar at nye bygningar og konstruksjonar vert plasserte i tråd med anbefalte byggjehøgder for aktuelle tryggleiksklassar etter TEK17.
4. Flom i elv/bekk	X	S3	K1	(MV) 2.1	Viser til Kap. 5.10.1.3. Det er noko vass-sig i område som vert samla til 2 korte små bekkar nedst mot sjø. Det vil bli lite endring i avrenningskoeffisient etter utbygging. Noko av vass-siget vert også samla opp i sandfang og leda ut via ny overvassleidning. Elles er det infiltrasjon på eige tomt og kort veg til sjø. Ingen fare for flaum.
8. Steinsprang	X	S4	K1	(LH) 1.1	Viser til Kap. 6.12. Område er vurdert til å liggja utanfor potensielt losne-/kjeldeområde og utlaupsområde for steinsprang.
9. Lausmasseskred	X	S4	K1	(LH) 1.1	Viser til Kap. 6.12. Område er vurdert til å liggja utanfor potensielt losne-/kjeldeområde og utlaupsområde for stein-, snø-, is- og jordskred.
11. Kvikkleireskred	X	S4	K1	(LH) 1.1	Viser til Kap. 6.12. På bak-grunn av berggrunn og lausmassar med mykje grunt jordsmonn og berg i dagen, er området vurdert til å ikkje har fare for kvikkleireskred.
15. Radon	X	S2	K2	(LH) 2.1	Moderat til låg radonaktsemd i området. Tilhøva vert sikra gjennom TEK17.
28. Skog- og vegetasjonsbrann	X	S2	K2	(MV) 2.1	Område består stort sett av dyrka mark og lite skog. Etter utbygging vil vegetasjon verta redusert. Planområdet er ikkje særskilt utsett.

Menneskeskapte forhold					
<i>Kan planen få konsekvensar for, eller kan planområdet verta påverka av:</i>					
17. Forureining i sjø	X	S2	K2	(YM) 2.1	Planframlegget gir berre ei lite auke i sannsyn for utslepp og marine aktivitetar.
19. Luft- støv-partiklar/røyk	X	S2	K2	(LH) 2.1	Tiltak vil ikkje medføre nemneverdig forureining av luft i området. Trafikkmengd vil vere beskjeden.
29. Brannfare i bygningar	X	S2	K3	(MV) 2.1	Planområde vil få ei tettare utbygging, og såleis også noko auka fare for spreiding ved brann. Vanleg brannsikring skal utførast jf. TEK17.
Andre farlege/spesielle område/forhold					
<i>Kan planen få konsekvensar for, eller kan planområdet verta påverka av:</i>					
21. Ulykker på veg	X	S2	K2	(LH) 3.2	Ulykker kan førekomme. Planframlegget gir grunnlag for noko meir trafikk, men sikrar tilhøva etter gjeldande normer og krav.

6.16.1 Vurdering av tiltak

Risiko- og sårbarheitsanalysen tek for seg ulike tema som skal vurderast for å sikre at samfunnstryggleiken vert ivareteke og oppfølgt. Gjennomgang av moglege uønskt hendingar i dette kapitlet er gjort med utgangspunkt i framtidig situasjon. Risiko er knytt til uønskt hendingar og deira usikkerheit til om hendinga inntreffer (sannsyn/frekvens) og omfang (konsekvens). Ut i frå ROS-analysen for framtidig situasjon (tabell 11), kan ein sjå at ulykke på veg er vurdert til å hamne innan gul kategori (jf. Kap. 4.12.1, tabell 6). Sannsyn og konsekvens er vurdert ut i frå at det i område med trafikk alltid vil vere ein generell fare for trafikkulykker. Det er ikkje registrert ulykker i området frå før, og eksisterande trafikkforhold tilseier at sannsynet for ei ulykke i område er liten. I samband med utbygging kan ein vente ei lita auke i trafikkmengd, og samstundes er det sikra tilfredsstillande siktsoner og utforming av vegar i tråd med gjeldande reglar og krav. Sannsyn for ulykker vert på dette grunnlag her rekna som låg. Utover dette er det elles ikkje registrert forhold som vil ha vesentleg betydning for planarbeidet. Det kan likevel dukke opp problemstillingar som ikkje vert fanga opp i denne analysen. Vår tilråding er at det undervegs vert gjennomført fortløpande risikovurderingar ved behov under gjennomføring av prosjektet.

6.16.2 Samandrag og korleis analysen påverkar planforslaget

Hending/forhold er akseptable med føresetnad at tiltaka vert gjennomført og drifta i samsvar med lover og reglar, som t.d. pbl. og byggteknisk forskrift. Planen sikrar nye tiltak etter gjeldande normer og krav. Etter vurderingar i ROS-analysen er planframlegget vurdert til å ha akseptabel risiko.

7 Innkomne merknader til oppstart

Viser til kap. 2. I tabell 12 er innkomne merknadar til varsel om oppstart summert opp, med våre kommentarar. Til saman kom det inn 6 stk. merknadar frå offentlege instansar, ingen private.

Tabell 12: Innspel til melding om oppstart frå offentlege høyringsinstansar.

Avsendar, dato	Merknad summert opp	Forslagsstillar sine kommentar
<p>Statsforvaltaren i Vestland, 15.09.22</p>	<p>SiV er ikkje einige i at «fortettinga er i tråd med kommuneplanen sin arealudel». KPA har sett av areal til fritidsbustader, og det er i utgangspunktet ikkje opna for naust, kai/promenade og småbåtanlegg i sjø. Dei set føre at avvik frå overordna plan blir grunngeve og utgreidd i planen.</p> <p>Ei ev. fortetting og utbyggingsløyisingar må vurderast i høve kva omsyn som gjer seg gjeldande innanfor planavgrensinga. SiV er sterkt kritiske til fortettinga av fritidsbustader med tilhøyrande infrastruktur som blir varsla i oppstartsmeldinga. I førebels situasjonsplan er nye fritidsbustader trekt særst nær sjøen, og Siv viser til statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (SPR), som er klar på at det ikkje bør tillatast utbygging i områder som har spesiell verdi i samband med REKKEsliv og allmenn ferdsle, naturkvalitetar, naturmangfald, kulturmiljø og landskap. Førebels situasjonsplanen viser at det er planlagt naust i samband med areal sett av til badestrand, og det er teikna inn promenade mellom nausta og badestranda. Areal-disponeringa her er særst uheldig med omsyn til allmenne interesser, landskap og naturkvalitetar, jf. plan- og bygningslova § 1-8. Vi viser også til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, som skal «legges til grunn» for kommunal planlegging, jf. pbl. § 8-2.</p> <p>Det er ikkje sett byggjegrænse mot sjø i KPA, og byggjeforbodet i pbl. § 1-8 gjeld. Sjølv om arealet er sett av til fritidsbustader må ein ta omsyn til strandsoneverdiane. Utforming av bygg (størrelse, høgde og utnyttingsgrad) vil vere viktig å få klarlagt, og visualisering av tiltaket med både fjern- og nærperspektiv vert difor ein viktig del av arbeidet.</p> <p>SiV føreset at ny rettleiar for planlegging av fritidsbustader blir lagt til grunn for planarbeidet. Vidare at statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing blir lagt til grunn for planarbeidet.</p>	<p>Vi gjer merksam på at planen er justert etter utkast ved oppstart for å imøtekoma ulike interesser.</p> <p>Det er i frå før etablert tre naust med tilhøyrande kai-/småbåtanlegg langs sjø i planområdet, som høyrer til fritidsbustadane her. Vidare er det etablert fleire nyare naust med kai-/småbåtanlegg på tilgrensande areal. Tiltakshavar ynskjer ei naturleg fortetting, kor naust inngår som ein del av totalbiletet. Her må ein legge til grunn at nærleik og tilgjenge til sjø og marin rekreasjon er ein viktig del av det som gjer området attraktivt for hytteutbygging, og at naust vil vere eit mindre privatiserende tiltak i strandsona enn fritidsbustader. Tysnes er ein kystkommune, og har vore det i generasjonar, kor sjø, fiske og sjørelatert aktivitet har vore ein sentral del av busetjinga. Kombinasjonen av fritidsbustadar, naust og småbåtanlegg er i dag ein viktig faktor for å støtta opp under hyttebygging, og då særskilt i avsidesliggjande områder til sjø, som på Skorpo. Ein tolkar vidare kommuneplanen som støttande til fortetting av allereie utbygde bustad- og hyttefelt langs sjø. Viser til Kap. 6.1 og 6.15.</p> <p>Sett opp mot Regional kystsoneplan så er det ingen særskilt viktige registreringar i området (Kap. 4 og 6). Unntaket er funn av kulturminne, men som på grunnlag av skade vert søkt frigjort (Kap. 4.6, 5.8.1.2 og 6.4). Tiltaka vil privatisere strandsona i større grad enn dagens bygde situasjon, men vil samstundes gjere strandsona meir tilgjengeleg og innby til større grad av opphald enn i dag. Heile området er i frå før bygningspåverka, og i planen er det lagt stort fokus på tilpassing til eksisterande landskap og estetisk utforming av bygg (Kap. 4.1, 4.4, 6.2). Vidare</p>

	<p>SiV set føre at arealdisponeringa blir gjort med omsyn til ny og oppdatert nasjonal jordvernstrategi, 2021, med nasjonalt mål at «den årlige omdisponeringen av dyrka jord ikkje skal overstige 3 000 dekar, og at målet skal være nådd innen 2025», jf. Prop. 200 S (2020-2021)».</p> <p>I KPA er det markert omsynssone H310_90 for delar av området. Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. m.a. pbl. § 3-1. Pbl. § 4-3 stiller krav om utarbeiding av ROS-analyse, samt krav til handtering av risiko i plan. Teknisk forskrift (TEK17) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred.</p> <p>SiV kan ikkje utelukka at planarbeidet vil vere i strid med nasjonale eller viktige regionale omsyn, jf. pbl. § 4-1 tredje ledd. Dersom ovanforne momenta vert lagt til grunn og handterte i planarbeidet, vil SiV kunne vurdere planen sine verknader i høve til vårt sektoransvar ved offentleg ettersyn.</p>	<p>har ein lagt vekt på å sikra ålmenn tilgjenge, kor mellom anna til rettelegging av turveggar vil bidra til at området vert meir tilgjengeleg (Kap. 4.1, 4.9, 5.5, 5.6). Det er vidare lagt føringar som sikrar gode rom mellom bygg og naustrekkjer for god ålmenn passasje langs strandlinja (Kap. 6.2, 6.15).</p> <p>Situasjonsplanen er justert etter SiV sin merknad, og nytta som grunnlag for plankart og føresegner. Det er sett byggjegrænse mot sjø, kor det er teke utgangspunkt i eksisterande tiltak. Nye bygg og anlegg langs strandlinja er visualisert der terrenginngrepa vert størst, i sør-aust (Kap. 5.4.1.3). Verknadar er elles vurdert under Kap. 6.2 og 6.15.</p> <p>Dyrka mark i planområdet er omdisponert i samband med vedtak av kommuneplanen sin arealdel tidlegare.</p> <p>ROS-analyse før og etter utbygging går fram under Kap. 4.12 og 6.16.</p>
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), 15.09.2022.	NVE sitt generelle innspel, der dei ber kommunen å vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser. Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE har tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen.	Planen er vurdert opp mot nasjonale og regionale interesser under kap. 4.0 og 6.0, kor grunnforhold, klima, fare for flaum, ras-/skred er beskrive under kap. 4.2, 4.3 og 6.12. Viser elles til svar til Statsforvaltaren i Vestland.
Kystverket, 28.09.2022	<p>I sjøkart er bukta mellom Lyngneset og Limbuneset merket med anker, som indikerer at området er godt eigna for ankring og er skjerma for vind og vær med gode botnforhold.</p> <p>Det er viktig at det ikkje vert planlagt for tiltak som avgrensar sikker og effektiv ferdsel for sjøtrafikk i bileia Laukhammarsundet, og for fritidsbåtar. Kystverket ber om at ein vurderer ferdselsmessige konsekvensar for brukarar av sjøen.</p> <p>Utkast til situasjonsplan viser eit badeområde og tre bryggjeanlegg. Generelt rår ein til at bryggjeanlegg vert planlagt slik at ein unngår konflikt med bading og annan ikkje-motorisert bruk av farvatnet. Dei gjer merk-sam på at brygger o.l., kan krevje løyve etter hamne- og farvasslova § 14.</p>	Ein kan ikkje sjå at planen vil medføre konsekvensar for ferdsel eller andre interesser i sjø. Det er lagt føringar for å avgrense tal båt-plassar per nausteining og for å samle båtar i felles anlegg. Dette gjev grunnlag for ein ryddig situasjon for småbåtar (viser til Kap. 5.4.1.2 og føresegner).
Vestland fylkes-kommune, 29.09.22	VLFK vurderer det naudsynt å utføre ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikt i kulturminne-lova §9, jf. §10 før vi kan gi fråsegn til reguleringsplanen.	Det er utført arkeologisk undersøking april 2023. Det vart i samband med dette oppdaga funn av kulturminne innanfor planområde, men

	<p>Bergens Sjøfartsmuseum kjenner ikkje til kulturminne i området som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i området. Dei gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Ev. brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.</p> <p>Eksisterande fritidsbustader i planområdet er i hovudsak trekt bort frå strandsona, medan framlegg til nye fritidsbustader bidreg til fortetting nærmare sjø i eit område der store delar av 100-metersbeltet er privatisert. Dette gjeld òg for aktivitet frå sjøsida. VLFK meiner dette vil vere ein uheldig utvikling, og ikkje i tråd med nasjonale retningslinjer. Dei ber kommunen vere tydeleg på byggegrense, og den kartlegginga og vurderinga som blir lagd til grunn i det vidare arbeidet. VLFK oppmodar å bruke kunnskap og metode som den regionale strandsonerettleiararen gjer greie for. Dette vil bidra heilskap og eit planframlegg i tråd med regionale og nasjonale føringar.</p> <p>Ei utbygging som synt ved varsel om oppstart, vil bygge ned naturverdiar, landskap, og privatisere verdfulle areal som no er tilgjengeleg for allmenta. Ein sti som går i det smale området mellom front på naust og fritidsbustader og sjøkanten, er ei dårleg løysing. Arealet der ein meiner å legge til rette for allmenn ferdsle, vil vere privatisert av aktivitet knytt til fritidsbustader, og i røynda tar ikkje allmenta seg fram i slike areal. Frå sjøen vil ei slik utbygging også verke særleg privatiserande. VLFK meiner at arealet 8-12 (naust) bør bli brukt til fellesnaust og felles båtanlegg, areal 2-5 (naust) og 2, 5, 6 og 8 (fritidsbustad) bør skånast heilt for utbygging. Dette med omsyn til verdfulle strandsoneverdiar, allmenta sine interesser, men òg for å oppretthalde kvalitetar i området for fritidsbustader.</p>	<p>på grunnlag av skade vert det søkt frigjort (Kap. 4.6 og 6.4). Det er i føresegnene teke med føringar som sikrar varsling og stopp av arbeid dersom kulturminne vert oppdaga i seinare tid.</p> <p>Når det gjeld bygging i strandsona viser ein til svar gitt Statsforvaltaren i Vestland. Kommunen ynskjer fortetting i område som er bygningspåverka frå før, og ein kan ikkje sjå at planen kjem i konflikt med særskilt viktige strandsoneverdiar i område jf. Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Analysar av verdiar og verknader, samt gjeldande retningslinjer og rettleiarar går fram av planomtalen.</p>
Vestland fylkeskommune, 15.05.23	VLFK utførte arkeologisk registrering i planområdet i april 23. Undersøkinga påviste ein buplass frå steinalder (id 298397), som er automatisk freda i medhald av kulturminnelova § 8, 4. ledd. Buplassen er skadd, truleg hovudsakeleg på grunn av lengre tids dyrkingsaktivitet, og anna moderne aktivitet. Kulturminnet må merkast i plankart med føresegnsområde. I planhandsaminga tek VLFK stilling til dispensasjon og ev. vilkår.	Kulturminnet er synt i plankart med føresegnområde med tilhøyrande føresegn. Ettersom kulturminne vert rekna som skadd, ynskjer ein at dette vert frigjort i samband med planarbeidet. Viser til kap. 4.6, 5.8.1.2 og 6.4.
Fiskeridirektoratet, 25.10.22 (etter utgått merknadsfrist)	På bakgrunn av eksisterande infrastruktur i sjøområdet med kaiar og flytebrygger, ser direktoratet ikkje at reguleringa vil medføre konfliktpotensial med fiske. Dei har derfor ikkje merknader til oppstart av planarbeidet utover at forslag til detaljregulering sendast på høyring til Fiskeridirektoratet.	Nye anlegg til sjø i området er beskrive under kap. 5, og vurdering av fiskeri- og marineinteresser, samt ferdsel på sjø under kap. 6.8. Planen er vurdert til å ikkje koma i vesentleg konflikt med interesser i sjø.

8 Vedlegg

Føresegner dagsett 17.11.2023

Plankart dagsett 17.11.2023

Vedlegg

Oppstartsmelding

Merknader til varsel om oppstart

Illustrasjonsplan. ABO

VA-rammeplan. ABO

Overvassnorm B7

Utredning av områdeskredfare. Ing. Öyvind Jørgensen AS

Kulturminnefagleg fråsegn. Vestland Fylkeskommune